

INTERVJU: «**MITT KULTURMINNE**». 24.01.2017.

VEDLEGG TIL KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE



Vedlegg 1. Mitt kulturminne. Fullstendige intervju.

LISTE OVER GJENNOMFØRTE INTERVJU.

NR	NAMN PÅ KULTURMINNE	SIDE	NR	NAMN PÅ KULTURMINNE	SIDE	NR	NAMN PÅ KULTURMINNET	SIDE
M01	Bautasteinen i Bø	3	M18	Hynnjelsbrua og Viljekloppa	67	M35	Olden gamle kyrkje	123
M02	Båtvraket i Lodalen	5	M19	Jekteløken i Heststoda	72	M36	Prestestabburet	127
M03	Dampskipsnaustet på Eide	9	M20	Kasta til Skåra	74	M37	Raffelsteinen (hellar)	130
M04	Den gamle setrevegen på Bergsida	13	M21	Krokodilla	82	M38	Randasaga	134
M05	Den Trondheimske Postveg	17	M22	Kvelvingsbru på Eide	86	M39	Revefella	138
M06	Diplom datert 06.02.1331	21	M23	Kvennjagrova	90	M40	Sagedammen.	142
M07	Erdal Skule	25	M24	Kvernhus på Fosnes	93	M41	Singerheimen	145
M08	Erdalstunet	29	M25	Kvie-Lars-helljaren	95	M42	Slettelada	150
M09	Faleide Handelstad	34	M26	Kviljekvilada	97	M43	Smihelljaren	154
M10	Filmteknisk museum	38	M27	Køyningehuset i Ulvedalstunet	100	M44	Solsteinen	157
M11	Funn av 125 sølvpenge på Storesunde	41	M28	Kårstadbakken (hoppbakke)	102	M45	Tyske skytestillingar	159
M12	Futebordet	46	M29	Lakselekkeri på Stauri	106	M46	Ungdomsherberget (gammal tyskerbrakke)	163
M13	Gamal kvern	49	M30	Ledemurar i Fosdalen	109	M47	Utigard, Faleide	167
M14	Gamle bakkemurar på Åning	52	M31	Lundehella	112	M48	Veten på Bergsida	170
M15	Gamlehuset på Vanberg Heimtun	56	M32	Lundesetra	114	M49	Walhall	177
M16	Gamletunet i Sunndalen	60	M33	Minnestein for rasulukka på Gjørven 1868	116	M50	Ysteriet i Bødal	183
M17	Gjørvalaksegarden	64	M34	Nedrebergstunet	120	M51	Øvre kulturløype Rabben.	187

Intervjuskjema nr. M1

Intervju utført:	14.11.15 av Matias Lunde	Namn på kulturminnet:		Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt:	Rasmus Bø			Ved elva i Indre Bø.
Adresse:	6783 Stryn	Bautasteinen i Bø		Kartkoordinat X:6865826, Y:380961



Bautasteinen i Bø slik den såg ut i 2014.

Generelt – er du interessert i kulturminne?

Ja, eg er interessert, spesielt i det som finst i nærområdet. Eg har prøvd å ta vare på det gamle; naust, seterhus og anna. Det som er i bygda er eg interessert i.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Dette er «mitt kulturminne» kanskje fyrst og fremst fordi det står på garden vår. Ingen kan med sikkerheit seie kvifor steinen står der, men historikarane trur at det kan ha vore ein gammal tingstad der.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har ikkje gjort noko spesielt. Steinen står der, like skeiv som dei siste 100 år. Han står svært djupt. Men eg har passa på ved pløgging og anna arbeid å ikkje kome borti han.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Steinen er freda. Men det er lite sikre opplysningar om han. Som sagt så trur somme at det er ein gammal tingstad. I nærleiken av steinen står eit gammalt naust som tidlegare var jektenaust. Der var to jekter, og naustet var sameige for dei som åtte jektene.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Ta vare på steinen så han ikkje ramlar ned.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Kulturminnet ligg i eit område rikt med dokumenterte arkeologiske kulturminne, mellom anna eit båtstøanlegg, og med stort potensiale for nye funn i Bø. Alt dette , saman med plassering så nær sentrum, gjer at området ligg godt til rette for informasjonsopplegg kring kulturminne.

Intervjuskjema M2

Intervju utført: 12.08.2015 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Rune Holen		Nesodden, tungen mellom Bødal og Nesdal.
Adresse: 6788 Olden	Båtvraket i Lodalen.	Kartkoordinat X:6853045, Y:394357



Rune Holen ved vraket av båten på Nesodden i Lodalen.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har vore guide i mange samanhengar der eg har informert om kulturminne. Dette har ført til at eg har fått augene opp for verdien av kulturminne.

Ein har erfart kor vanskeleg det er å ordne pengar til å ta vare på og formidle kulturminne. Det meste innan kulturminne- og naturforvaltning er underfinansiert.

Vi kan ikkje ta vare på alt. Det offentlege må vurdere kva som skal takast vare på, og må sjølv bidra med midlene til å forvalte verneverdige kulturminne. Ein må unngå at dei som har verneverdige kulturminne på sin grunn skal ta den økonomiske byrden med å ta vare på desse.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Lodalen er for meg heilt spesiell, både når det gjeld natur og kulturminne. Skredulykkene i Lodalen er nasjonale hendingar. For komande generasjonar er det viktig at ein tek vare på kunnskapen om dei, samle den og gjera den ålment tilgjengeleg.



Båtvraket – der det vart liggande etter den andre Lodalsulukka i 1936.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Rune Holen og Per Helge Bø arbeidde med eit stort prosjekt for utvikling av Lodalen.

Prosjektet hadde fire grunnpilaren:

- *Nasjonalt skredsenter.*
- *Natur- og kultursti på Nesodden.*
- *Nordfjord oppleving, felles plattform for opplevingsvekslingane i Nordfjord.*
- *Norske Fjellakademi, utdanningsarena for opplevingsbaserte næring.*

Natur- og kultursti på Nesodden skulle vere ei historisk vandring. Her ynskte ein å oppgradere og etablera eit stinettverk på Nesodden slik at ein fekk «sydd saman» ein rundtur mellom alle kulturminne etter ulukkene. På den måten kunne ein ta i vare og formidle dei dramatiske historia på staden kor hendingane fann stad.

Ivaretaking av båtvraket sto sentralt. Her må fagkunnskap om konservering av båtvraket på plass. Dette for å trygge eit nasjonalt viktig kulturminne for komande generasjonar.



Rusten tek båtvraket, men ikkje veldig raskt.

...eg har aldri sett leirskuleelevar meir interessert enn når dei har fått servert historia til rutebåten på Lovatnet, og kan studere restane av det som er igjen. Lodalen er unik med den storslåtte naturen og den dramatiske historia... (sitat Rune Holen).

Eldsjenter har rydda mykje skog i området rundt båtvraket for at ein skal kunne sjå dette frå fylkesvegen høgare oppe. Stiar vert framleis rydda av fastbuande i Lodalen og området vert i betydeleg grad nytta av turistar.

Å hindre gjengroing er i det heile den største utfordringa for natur- og kulturstien, her som ellers i landet. Det hadde vore flott å kunne pussa støv av gamle planar og sett om det var mogleg å få til ein historisk vandrerundtur på Nesodden. Nesodden med kulturminna og ikkje minst båtvraket fortener eit løft, men det fordrar at det offentlege verkemiddelapparatet støttar opp under denne type prosjekt. Utan stønad får ein det ikkje til.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Passasjerbåten DS Lodalen var produsert av Trondhjems Mekaniske Verkstad i 1902. Dei kom med ferdige jernplater frå Trondheim og den vart klinka saman på Vassenden.. Båten vart satt i skysstransport på Lovatnet i 1902, og den romma veldig mange passasjerar. Tre år seinare, i 1905 skjedde den fyrste Lodalsulukka. Båten, som stod i eit naust i Trosjevika i sundet mellom Bødal og Nesdal, vart kasta om lag 350 meter inn på land av ofselege flodbølgjer. Båtvraket vart liggande på nordsida av eit ope kulturlandskap på Nesodden (der det i dag ligg eit tjern). Etter sigande skal Lodølane ha samla inn pengar for å finansiere ei eller anna beskyttelse av vraket der det låg.

Då den siste ulukka skjedde, i 1936, med ny utrasing frå Ramnefjellet, vart båtvraket kasta vidare om lag 150 meter, dit det ligg i dag.

DS Lodalen er eitt av fleire kulturminne frå Lodalsulykkene, og er kanskje det mest synlege som dokumenterer naturkreftene.

Etter 1936 vart det lagt ned eit mellombels forbod av departementet mot å frakte turistar over Lovatnet. Dampbåtlaget gjekk då over til bussar. Dei kjøpte sju bussar og to drosjer. Desse vart tatt i bruk i 1937. Vegen i Lodalen var komen opp på Helset i 1936. Det vart fortgang i vegbygginga etter 1936 og det vart vedtatt at den skulle byggast til Kjenndalen så snart som råd. I 1937 var vegen ferdig til Bødal og i 1938 var vegen ferdig til Kjenndalen. Hotel Alexandra bygde restaurant i Kjenndalen. Dampbåtlaget dreiv då i tre år før krigen kom og turisttrafikken stogga opp.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg synest det er trist at ein ikkje har klart å trygge båtvraket i Lodalen. Eg er ikkje ekspert på korleis ein skal best ta i vere eit stålåbåtvak. Difor meina eg at fagfolk og faginstansar må vurder kva som vil vere det beste for båtvaket i Lodalen.

Kulturminna knytt til Lodalsulykkene har så stor verdi både i undervisningssamanheng, for lokalbefolkninga og for reiselivet at det offentlege bør engasjere seg i større grad enn i dag. Arbeid med å ta vare på kulturminne må skje som eit samarbeid mellom det offentlege og private.

Kommunen må inn både som forvaltningsmynde (planmynde etter pbl. og kulturminnelova) og som dørøpnar og mellomledd mellom lag- og foreiningar og grunneigarar. I tillegg bør kommunen vera ein finansiell aktør enten med eigne midlar eller som formidlar av fylkeskommunale eller statlege midlar.

«Om 200 år kan vi felle domen om ivaretakinga av båtvaket i Lodalen. Ligg vraket framleis synleg og bevart omtrent som i dag, og med godt informasjonsopplegg ikring, ja så har vi lukkast.

Ligg det igjen ein liten, gløymt rusthaug, så har vi mislukkast».

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Dette kulturminnet må sjåast i samanheng med M50 Ysteriet i Bødal. Begge er minnesmerke etter rasulykkene i Lodalen. Begge desse kulturminna er så spesielle at dei må vurderast å ha nasjonal interesse.

Intervjuskjema nr. M3

Intervju utført: 30.07.2015 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Ola Fløtre		I vika på austsida av elveutløpet frå
Adresse: 6788 Olden	Olden Damskipsnaust.	Oldevatnet på Eide. Kartkoordinat X:6853910, Y:385394



Ola Fløtre ved det attståande damskipsnaustet på Eide. Naustet var bygd i grindverk og var «todelt». Eitt stort for dampskipet og eitt mindre for slepeskuta. Fløtre er ein av eigarane av naustet.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid vore interessert i gamle ting og alltid vore interessert i å ta vare på. Men med åra har eg vorte endå meir interessert i kulturminne.

Ei av hovudinteressene mine er knytt til eldre tids ferdsel på veg og vatn. Eit prosjekt eg har satt i gang går ut på å få rydda den gamle ferdselsåra opp til Oldedalen på vestsida av Oldevatnet.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Ola hugsar dampbåtane og turismen langs Oldevatnet veldig godt. Det viktigaste vitnesbyrdet om denne tida er naustet som står att i Svinevika på Eide. Han er no sjølv medeigar i dette naustet, på idealistisk grunnlag. No står berre eitt av desse dampskipsnausta igjen. Skal ein kunne sjå eit slikt naust i dalen, så er det dette naustet som må takast vare på.

Alt frå barneåra kan eg hugse turistane. Det som mest sit igjen i minnet er lukta av sigar og parfyme. Det var liv og røre – du å du.



I Svinevika på Eide stod opptil 3 dampskipsnaust av den typen som det står igjen eitt av no. Både det gjenståande naustet og omgjevnaden til naustet vert vedlikehalde på dugnadsinnsats frå dei mest interesserte.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Utan å skryte for mykje må eg seie at eg og familien min har vore aktive deltakarar for å ta vare på det gamle naustet. Vi er 4-5 personar som har kjøpt oss inn som medeigarar i naustet, og vi deltek i dugnadsarbeid for å halde taket tett og for å halde det ryddig rundt naustet. På arealet der det stod to naust tidlegare held vi området ope ved å slå graset og krattet gjennom sommarmånadane.

Skråbygget ved sidan av hovudnaustet er forfalle og må takast hand om.

Vi har ikkje prøvd å få pengestøtte til vedlikehaldet av naustet, og vi skulle ha gjort meir på dugnad. Vi lurar stadig på om dette er gammalt nok til at det er verdt å ta vare på. Men det kan no ikkje gå i gløymeboka denne historia om reiselivet i Oldedalen.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Dampskipsnaustet er eitt av fleire kulturminne som står att etter den gamle turismen og fraktnæringa i Olden og Oldedalen. Saman med naustet høyrer også damskipskaia, som ligg på Beinnes.

Aktiviteten med båt frå Eide til Oldedalen var stor allereie på 1870-talet. På denne tida var det konkurranse om å ro tilreisande fintfolk over Oldevatnet. Eidebøndene budde lageleg til, men det var roarar heile vegen oppover dalen.



Dampskipsnaustet var ein stor bygning for si tid. Den vart bygd i grindverk.

Både storleiken på båtane og komforten auka. Slik både på «Odin» og «Tor», som gjekk på vatnet denne fyrste tida. På 1880-90-talet kom enda større båtar, som på den tida vart kalla «Storfølge». Dampbåtane kom og Olden Dampbåtlag vart stifta i på 1890-talet. «Viktoria» var namnet på fyrste dampbåten, og denne gjekk i mange år. Den hadde slepeskute med seg. Nausta for dampbåtane vart bygd todelt med ein del for dampbåten og ein for slepeskuta. Etter kvart kom også båten «Brixdal». Litt ut på 1900-talet vart damp erstatta med fossilt brensel. Motorbåten «Alda» vart satt i drift på Oldevatnet .

Eit tysk reiseselskap, Bremberg, forsynte Olden med mange turistar. Opp til 8900 kom på ein dag. Tyskerane dominerte.

Turistane ankom Olden oftast med båt. Dei vart frakta opp Oldebygda til Eide med hest og stolkjerre. Mellom Eide og Oldedalen var det dampbåt. Vidare opp Oldedalen var det igjen hesteskyss med stolkjerre.

Cruiseturismen i Olden auka på heilt fram til den andre verdskrigen. Keisar Willhelm, som hadde tilhald på vestlandet kvar sommar, var også i Olden. Då krigen braut ut måtte han fare heim til Tyskland og turismen stoppa heilt opp.

Etter krigen har ferdselen fram til Briksdalen gått langs den nye vegen, og vassåra har ikkje vore den viktige transportåra. Hesten forsvant, med unntak av på vegen opp til Briksdalsbreen. Hesteskyss var å få kjøpt heilt fram til 2008.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at vi skal kunne ta vare på det gamle dampskipsnaustet i den stand det er no så lenge som mogleg. Og det må verte ståande der det står i dag. Både lokalbefolkninga og det offentlege må bidra for at slik bevaring skal kunne skje gjennom økonomiske tilskot og organisering av dugnad.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M4

Intervju utført: 24.08.2015 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Marit Merete Lunde Adresse: Dalevegen 13, 5722 Dalekvam Epost: lundemml@gmail.com.	Namn på kulturminnet: Gamle setrevegen på Bergsida.	Geografisk plassering/tilkomst: Nordaustom Vinsrygg-gardsbruka gjennom Geileledet (no felås), der den nye setervegen (bilveg) tek til. Kulturminnet mitt avgrensar eg til den strekkja lundarane og andre nytta til Tverrfjellet, altså ikkje den vegen øvre- og nedrebergarane gjekk vidare derifrå til sine setrar. Kartkoordinat X:6866140, Y:378328
--	---	---



Fotografi som viser intervjuobjektet, Marit Merete Lunde, på Høgeryggen i den gamle setervegen for bergsidarane. Biletet er teke den 9. august 2015.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg reknar meg som svært kultur-, språk- og historieinteressert, og eg er oppteken av dei spora ein kan finne etter folk og deira levemåtar frå eldre tider. Dette gjeld både såkalla faste kulturminne og "lause", som t.d. stadnamn. Gjennom arbeid med stadnamninnsamling for Vaksdal kommune for om lag 25 år sidan såg eg òg kor mykje namn kan fortelje om livsvilkår og levevis, og tykkjer såleis det er særst viktig å ta vare på namna attåt dei fysiske kulturminna. Eg ser det som vesentleg å halde naturen urøyvd så langt ein kan, men set stor pris på å møte far i naturen etter gamle dagars folkeliv når fara er sette på ein varleg og finsleg måte – og dette kunne dei gamle.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg er fødd (1951) og oppvaksen på gnr. 49, bnr. 2, Lunde på Bergsida. Frå vi borna var små, tok far vår, Børre Lunde (f. 1916), oss med til fjells på ulike stigar og stader.

I tillegg til å formidle glede over og respekt for fjell og natur, synte han oss spor etter gamle dagar og fortalde om namn og hendingar eller segner som måtte vere knytte til stadene. Mellom anna gjekk vi (delar av) den gamle «setravegen». (Eg nyttar dialektformene av *seter*-, sjølv om bøyinga der ikkje alltid er konsekvent.) Dette var på 1950-talet og tidleg -60-tal. No er mykje av denne vegen grodd over. Skogplanting og anna tilgroing har òg endra både omgjevnader og det tidlegare gode utsynet innover strykebygda. Somme parti av stigen er vekke kanskje fordi ingen brydde seg om han eller visste at der var noko å ta vare på, og det minkar med folk som hugsar nøyaktige detaljar om han. For at ikkje alle fysiske spor skal forsvinne – og like eins stadnamn og segner og anna som høyrer til –, og for at yngre folk og tilflyttarar skal få kjennskap til denne delen av lokalsoga, vore det fint om vegen kunne merkjast med namneskilt og gjerne med opplysningstavle der det er noko særskilt å fortelje. Allmenn kunnskap om den gamle setravegen kan òg vonleg hindre at meir av han forsvinn ved planting eller ulike inngrep i naturen.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Saman med bror min, Per, og grannane Berit H. og Matias O. Lunde, har eg freista rekkje vegen frå Geileledet og bortover «Ryggjene» (gamle morenerygger) til i fyrste venda forbi Vinsryggsetra (lokalt uttala «Vinst'ryggjesetra»), så opp til Tverrfjellet, der ein tek av ned til Lundesetra («Løndasetra»). Vi kunne fylgje delar av den gamle setravegen, men ein del er enno uklårt. Per har kontakta folk på Øvreberg («Øvre'bergje») og eg folk på «Vinst'ryggje» for mogleg informasjon. – Éin del som vi fann att av vegen, er Langesvadet. Her knyter det seg ei segn til eit særmerkt "fotefar" i «svòda», «Banefætet», dvs. Barnefetet. (*Fet* er m.a. 'far etter fot'.) Dette «'fætet» er overgrodd no, men meininga er å grave det fram att. Eg har prøvd no ved eit par høve, men der må nok meir muskelkraft og tid til. – Vidare har eg gått opp att einskilde strekkjer for å sjå etter stigen, og har nokre stader funne ut litt. Om det skulle verte trong for dugnadsarbeid, kan eg så langt eg greier det og det høver med tidspunkt, vonleg ta del. Eg vil òg gjerne vere med og sikre at historiske opplysningar og segner og fortal vert skriftfesta og kjende.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Vegen må nødvendigvis vere jamgammal med dei øvste Bergside-setrane, som truleg er nokre hundre år gamle. Han har vore nytta av dei som setra for Vinsrygg (til litt heimom Vinsryggsetra) og for Lunde, og like eins av dei som skulle vidare frå Tverrfjellet til Øvrebergsetra og Holesetra (setra åt Nedrebergsbruka). (Dei som setra for Nedreberg («Nèr'bergje»), låg oppe, dvs. dei gjekk ikkje heim i vyrka, slik ein gjorde for hine gardane.)

Denne felles setravegen bortover «Ryggjene» tok til ved Geileledet, slik òg nyevegen gjer. (Den siste vart påbyrja i 1945, og han fylgjer delvis gamlevegen.) På oppsida ved ledet/felåsen ligg den store Geilesteinen. Under den var ei kjelde som kyrne våre alltid drakk av når dei kom dit. Ho har forsvunne under arbeid på nyevegen. Lidveig Vinsrygg Eikeland (f. 1928) seier oppkoma heitte Geilebekken. (*Bekk* tyder i dialekta vår 'brunn'.) Også folk drakk her når dei gjekk på setra, seier ho. «Vinsryggjarane» køyrde heim vatn herifrå dersom det var tomt i «Hòlesamegna», ein brunn der alle kunne hente vatn. Den gamle Geilebakken vidare opp var brattare enn i dag, òg som bilveg. Oppfor Geilebakken var Klypet. Oddmund Vinsrygg (f. 1936), bror til Lidveig V. E., seier vegen der gjekk mellom nokre store steinar som no er vekke. Lidveig V. E. nemner at hestane pla kvile der. På myra litt nord for der fremste

skogsvegen i dag går opp til venstre, stod Torvhytta, fortel Per Vinsrygg (f. 1939). Ho var til torvturking, og Per V. hugsar då veggene stod der. Lenger borte ligg Kariura. Her skal ei Kari ha dotte og slege ut mjølka. I gróva nedunder, «Kvennjagróva», var der lagt never og torv for å få vatnet til å renne over ura og ikkje forsvinne i henne, opplyser Per V. Grenda hadde kvernar lenger heime og nede i «Kvennjagróva» (Vinsrygg og Øvreberg øvst og Nedreberg og Lunde lenger nede). Vinsrygg hadde òg sag ved gróva lenger framme. Litt forbi Kariura ligg Kolmyra. Per V. trur namnet må skrive seg frå kolbrenning. Etter det fleire seier, gjekk gamlevegen her nedpå ryggen austom myra. For nordenden av myra, ved Kolmyrsteinen, finst gamlevegen òg i dag, der han svingar i meir austleg retning ned til og nedom Konegrøva og så fylgjer ryggene vidare nordover til bortre enden av Høgeryggen. (Nyevegen held fram mot nord frå Kolmyra og går nokolunde parallelt med gamlevegen til høgeryggenden.) Konegrøva var oppdemd for å gje vatn til saga og kvernane i «Kvennjagróva», som renn sørover frå Konegrøva og kjem ned rett sørom Kasthamrane. Konegrøva er ikkje lenger oppdemd. Eg hugsar henne meir som ei lita tjørn, no er ho ei myr med eit sig i. Konegrøva – *gròv* tyder 'grav' eller 'grøft', til skilnad frå *gròv* med tydinga 'vassfar' – heiter så (fortel Matias O. Lunde, f. 1942) fordi ei kone ein gong kom gåande frå setra og møtte på bjørn her. Han tok til å grave i myra. Det skulle tyde på at han ville lagre mat, i dette tilfellet kona. Medan han heldt på, kledde ho varsamt av seg plagg for plagg og hengde det eine over hitt på greiner, så det skulle sjå ut som om ho framleis stod der når bjørnen keik etter henne. Slik greidde ho til sist å lure seg unna.

På ei bra stor myr endå lenger borte kan eg hugse jonsokfeiring for heile Bergsida då eg var seks år. Oddmund V. omtalar myra som Ungdomslagsmyra, men om dette var nytta som namn, veit eg ikkje. Lidveig V. E. meiner Stryn Ungdomslag åtte ein teig der som no er seld. Bortanfor der ligg myra «'Essbota» (Espbota?). Per V. seier namnet truleg kjem av nokre osper der. Gamlevegen gjekk, og går, austom desse myrane. «Steinsøndet» (dvs. -'sundet') låg òg her nedanfor «Essbota». På Høgeryggen lenger borte, tett framanfor dagens skiløypetrassé, var det gamle kvilet for Lunde og Øvreberg, fortel Per V. Det er vekke no, men han meiner der var fleire "steinpar" tillaga, dvs. éin stein til å sitje på, og éin bakanfor til å setje hylket på utan å ta det av. Der kan ha vore fem slike par, for Øvreberg hadde fem setretauser, og dei pla gå i lag. Dette kvilet kalla dei Øvrebergskvilet, i motsetnad til vinsryggarane sitt på Kvileryggen lenger framme, om lag 50 meter før Kolmyra. (Av dette kvilet viser heller ingenting att.)

På Høgeryggen er gamlevegen svært synleg, og tydeleg velbrukt som turstig no. I nyare tid er ein del av stigen her vorten skjemd av ein slag køyreveg. Mot enden av Høgeryggen tok vinsryggarane av til venstre til si seter. Per V. fortel etter Oddmund V. at dei tok av ved «Helgeløkjen» i fremste enden av «Ryggj'endemyra». «Helgeløkjen» er ein løk eller ei «peite» (dvs. *pøyte*), seier Per V. Han kjenner ikkje opphavet til resten av namnet. Derifrå kom dei opp på «Setrebakkjen», seier han. Stigen til hine setrane tok opp til venstre noko bortanfor der vinsryggarane "steig av". Her viser han att også i dag. Han gjekk opp til litt nedom setre-«kvia» åt vinsryggarane. Per V. seier vegen då gjekk på «Labakkjen» utom kviegarden. Bakken har namnet etter ei «lade» som truleg stod der, men som no for lengst er vekke. I henne hadde dei høyet frå myrane oppunder «Ingjebrikten» ovanfor setra. – Vegstrekkja mellom «Labakkjen» og Langesvadet er vanskeleg å finne att, og ingen av informantane kan seie noko visst om dette stykket. Det tykkjast likevel råde ei meining om at gamlevegen her gjekk nedom nyevegen, sjølv om lendet verkar litt mødesamt. Olga Øvreberg (f. 1940) er òg tilspurd om m.a. dette. Ho hugsar heller ikkje noko sikkert, men skildringa hennar held seg nedom nyevegen.

Som det ligg i namnet, er Langesvadet eit (særs) langt «svad». Det meste er no dekt av torv og mose. Truleg mot øvste og nordvestre enden finst Barnefetet. I segna, slik eg har henne etter far min, stod ei gyger på Karifjellet (andre seier Gryta) og ropte på veslejenta si. Sistnemnde bykste då frå frampå Hogden – der det òg finst eit «fæt» på ein stor stein kalla Ramnen (fortel Per V., som har sett det og elles fekk segna fortalt av far sin, Geir Vinsrygg, f. 1913) –, steig ned på Langesvadet med éin fot og bykste så vidare til Karifjellet, der det òg skal vere eit «fæt». (Per V. har òg lært at ho fór til Karifjellet, og dit vert beinaste linja. Lidveig V. E. hadde fått seg fortalt at jenta bykste frå Årheimsfjellet til svadet og så til Hogden.) Langesvadet ligg søraustom hytta

hans Terje Bergh.

Det er noko uvisst nøyaktig kvar vegen gjekk vidare, men eit svad oppom denne hytta og på oppsida av nyevegen ser ut til å kunne vere eit framhald frå Langesvadet. Derifrå til Høgesvadet (heile tida til venstre for nyevegen) finst visn etter stig. Men lengst nede ser der ut til å vere køyrt, truleg under hyttebygging, og det er vanskeleg å slå heilt fast om stigen var der før dette. I alle høve gjekk gamlevegen opp Høgesvadet, truleg då òg (litt) til venstre/sørvest for nyevegen. Oddmund V. og Ottar Hol (f. 1946) opplyser om at nokre hytter oppå Høgesvadet er bygde over gamlevegen. Ottar H. meiner dette gjeld iallfall tre og kanskje fire hytter. Den andre frå søraust tilhøyrer systera hans, Tordis Hol Roset. Mellom hytta hennar og den neste er der «svedjer» (i dialekta fleirtal av *svòd*) som ser ut til å kunne vere del av gamlevegen. Stigen vidare har truleg anten gått litt til venstre for den fjerde hytta (eigar Sandbakk) eller under henne. Dette stadfester Tordis H. R. (f. 1943). Oppfor ei lita myr heimanfor Sandbakk-hytta ligg Vinkjelda, ei oppkome litt til venstre for stigen. Her vert vatnet til vin kvar julenatt, fortalde far min, og kjelda er velkjend i grenda for dette. Tordis H. R. fortel at dei tidlegare bar vatn til hytta herifrå, og at dei fann vatn òg vintrane. Kjelda er no tilgrodd.

Vegen må så ha hatt retning mot den noverande parkeringsplassen på Tverrfjellet. Fleire stader undervegs (sørvestom nyevegen) finst der svedjer som kan vere gammal veg. Nokre hyttevegar kryssar denne strekkja, og spor etter setravegen kan slik ha kome vekk. På Tverrfjellet fell vegen ned til Lundesetra saman med Kyrkjeråsa, som markarane nytta når dei skulle til (Nedstryn) kyrkje.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Kunnige grendefolk kunne gå saman om å leite etter stigen i dei uklåre partia. Kanskje kunne ein skipe til dugnad for å få svedjer og gjerne Vinkjelda fram att i dagen, og for å rydje unna skog og småvokster, om naudsynt. Kulturetaten i kommunen kunne så samarbeide med bergsidarar som har greie på gamlevegen og fortala rundt han, om å få opp både stadnamnskilt og tavler med namneopphav og dermed segner og historiske opplysningar.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema M5

Intervju utført: 22.04.2014 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Edvard Faleide Adresse: Faleide, 6783 Stryn.	Namn på kulturminnet: Den Trondheimske Postveg.	Geografisk plassering/tilkomst: G.nr/b.nr 150/3,6,7 Del av Trondheimske Postveg frå Faleide, forbi Utigard Faleide opp til Vegtun. Kartkoordinat X:6864120, Y:374030
--	---	--

Skaffarbustaden – der vegfarande langs Trondheimske Postveg kunne overnatte eller ordne skyss.



Korleis er interessa di for kulturminne?

Eg har hatt interesse for kulturminne heilt sidan eg var liten. Familien min budde i fem år i det gamle skulehuset på Faleide. Eg var ofte på besøk på gardsbruket Utigard, og det var svært interessant for ein liten gut å høyre på at Hans Øen, som var gardbrukar der, fortalde om gamle dagar og viste fram ting. Der var mange gamle hus, og eg har nok hatt mest interesse for byggeskikk, for postvegen, for gamle ferdsleveggar og for Faleide si kommunikasjonshistorie.



Trondheimske Postveg sør for krysset med Panoramavegen, ved Vegtun.

Kvifor er dette ditt kulturminne?

Eg brukar deler av vegen til dagleg. Eg bur tett ved vegen som går over eigedommen til Utigard. I Utigard var det postteneste frå 1793 til 1867. Posten gjekk ein gong for veka, nordover og sydover. Posten nordover kom over fjorden frå Utvik. Den var det postbønder frå Utvik som rodde til Faleide. Sydover var det postbønder frå Faleide som rodde til Utvik. Mange fekk fri militærtenesta for å vere «postkarl». Frå Faleide skulle posten også til Stryn, heilt til Mindresunde. Der var kapteinsgard.

Utigard var også skyss-stasjon frå ca 1870. Skyss-skaffaren skulle skaffe skyss til dei som trong det. Bøndene hadde skyssplikt. I turistsesongen måtte ein gjerne leige inn ekstra hestar. Det var også overnatting i Nystova i Utigard.



Postvegen i partiet forbi Utigard Faleide.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg var med på postvegprosjektet i 90-åra med opprydning og liknande. Det er Statens vegvesen som eig vegen, og det var dei som dreiv dette prosjektet. Det starta i Hyllestad. Der fekk dei gjennomslag for at stat, fylke og kommune skulle gå i lag i samarbeid med grunneigar. Eg har mint kommunen på at dei har ei oppgåve når det gjeld vedlikehaldet. Postvegen vart nedlagd som hovedveg då riksveg 15 kom. Grunneigarane søkte då om å få overta vegen, men det vart avslege av Innvik kommune at faleidsbøndene kunne overta vegen. Då sa staten at staten har eigedomsretten, men at vegen «blir lagt ut til interesserte brukere» . Så kan eg la vere å øydelegge vegen. Som grunneigar med skog, og med bruksrett til vegen, kan eg la vere å køyre med tunge traktorar som øydelegg.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Det er eit av dei største kulturminna. Det var stamveg nord-syd, og postvegen var viktig for utviklinga lokalt, på den måten at utviklinga langs postvegruta overgjekk andre deler av kommunen fordi det var så lett å frakte ting. Til dømes fekk Hornindal varene sine frå Faleide. Den eldste vegen var så bratt at det var uråd å frakte stort varer. Men så vart vegen noko omlagd, og frå 1856 vart det meir som ein riksveg.

Vegen vart og brukt som skogsveg, og det vart frakta mastrer frå Markane til Faleide. Elles vart det frakta mykje tønne- og bandebutar.

Om vinteren var det pløggjing på vegen. Dette vart utsett på anbod.

Frå 1858 vart Faleide ein større turiststad. Då kom fylkesbåtane i gong. Der sjø og land møttest på postvegen, vart det dampskipskaiar. I Utvik hadde det vore hotell før. No vart det også bygt hotell på Faleide. Tre bergensarar prøvde først å drive hotellet. Den fjerde som kom, var Olai Tenden. Son hans, Petter Tenden, bygde hotell på Visnes.

Postvegen vert no brukt av turlag og reisegrupper frå turistbåtar.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at samfunnet skal vere klar over at vegen er der, at vegen ikkje vedlikeheld seg sjølv. Eg meiner det er samfunnet si plikt å halde vegen ved like. Det er litt flytande kven som har ansvaret.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Staten er grunneigar på den gamlaste traséen av postvegen. Ein eigen rapport utarbeidd av fylkeskommunen slår fast at staten, fylkeskommunen og kommunen har eit ansvar i høve vedlikehald på vegen. Stryn kommune koordinerte tiltaksarbeidet ved opprustning av vegen på 1990-talet. Det som stod igjen av arbeidet var merking av vegen med standard skilt som vart innkjøpt og vart teke vare på i kommunen. Fleire har nå etterspurd merking av ferdsevegen. Dette tiltaket vert tilrådd gjennomført i handlingsplanen til kulturminneplanen med finansiering frå kommunen.

Intervjuskjema nr. M6

Intervju utført: 30.10.2014 av Dag Vanberg	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Rønnaug Leite		Gnr 161, bnr 1, Juv i Utvik.
Adresse: Kjølisdalen	Dokument 1331 Juv.	Kartkoordinat X:6856000, Y:363535



Rønnaug Leite med sitt kulturminne; Eit gardsdokument frå 1331.

Generelt om interessa for kulturminne:

Rønnaug fortel om interessa si for garden Juv:

«Bestemor mi Rakel Berge f. Bruland fekk oppleve ei rivande samfunnsutvikling gjennom nesten 100 år. Barndomen var på Bruland, familielivet fekk ho på Berge og alderdomen hadde ho på Juv. Ho hadde dårleg høyrsel, men hadde godt humør og likte å fortelje – og eg likte å høyre på. Eg trur heile livet hennar ligg lagra i meg, frå ho sov på fjøslemmen saman med systera Helga til ho fekk oppleve det ho ikkje trudde var muleg; å bile (køyre bil) opp i tunet på Djuv.

Eg har stor respekt for pågangsmotet og strevet for å få det betre for seg og sine og er stolt over bondekulturen og bygda. Dei fortener den ære at fortida blir teken vare på inn i framtida. Eg er takksam for kulturskattane eg har fått som ein del av mitt liv. Og det er kjekt å formidle og føre arven vidare».



Diplomatarium Norvegicum

b.VIII s.113

Kjelde:

Efter Orig. p. Perg. i Bergens Museum.

Alle 3 Segl mangle.

Nummer: 92.

Dato: 6 Februar 1331. Stad: Nordfjord.

Brevtekst (fra den trykte utgåva):

Allum monnum þeim sem þetta bref sia eða h/oe/ya. sendir Olafuer þorgrims son q. g. ok sina. ek vil yðer kunnikt gera. at a miduiku daghenn nesta eftir kyndils messo kom Haraldur Bardar son firir mik ok lett bera stefnu vittni sin at hann hafde stæmt Anzstein a Tistamrum vmbodes manne abotans at Munklifui. en Anzstein kom ekki j stefnu daghenn. eftir þatt leett Haraldur bera onnur vitni ok toko þeir so til bokar. Jon Arna son, ok Jon Eilifs son ok suoro att fullan bokar eio. at inra Giuf ok ytra millim Sand aar ok Giuf aar til eignar ok oðals atte Bardar Arna son ok son hans eftir hann ok Bardar fader Harald ok Haraldur aa ef hann skall vrenter vera. hia verande sira Siugurði leighu preste j /Oe/yghi ok Steinfinni /Oe/ysteins syni ok morghum oðrum goðom monnum. ok til sanz vitnisburðar settu þeir sin insigli meðer minu insigli firir þetta bref er gort var a fyr nemðom degi a .xii. are rikis virðulegs herra M[agnus]jar Noregs Syia ok Gota kungs.

Gards- og ættesoga v/Jacob Aaland:

Av dipl. dagsett 6.2.1331 får ein vite at det då var odelstrette om garden. Harald Bårdson førte to mann, Jon Arneson og Jon Eilivson, til vitne på at Indre- og Ytre Giuf mellom Sandaar og Giufaar var Harald sin rette odel og hadde lege til ætta hans i fire ættled såleis: 1. Bård Arneson, 2. sonen åt Bård (ikkje namngjeven), 3. Harald sin far, Bård, 4. Harald Bårdson. Reknar ein eit tredjedels århundre for kvart av desse ættledda, må første mann, Bård Arneson, ha levd og vore eigar av Djuv ikring 1200. Dette ættetalet er eit av dei eldste ein kjenner frå Nordfjord.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg har mange kjære kulturminne rundt meg både i Kjølisdalen og på Juv, men den største skatten dukka opp for ikkje så mange år sidan; eit dokument frå 06.02.1331 som fortel om garden Juv og namngjev sjølveigande bønder tilbake til 1200 talet. Garden er om lag slik i dag som den var for 700 år sidan og det er spennande å tenkje på.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg overtok Juv i 1996, gjennomførte buplikta og driv garden vidare med turistar, bringebær og litt vedhogst. Husa er halde vedlike og i bruk. Vi prøver å ta vare på kulturlandskapet og stiane i utmarka er rydda og merka i lag med grannegardane Frøyset og Bruland. Etter snart 50 år med turistar i tunet om sommaren ser eg at Juv er ein ressurs for moderne verds menneske som søker fred og ro og at gardeigedomen på over 2000 mål frå fjord til høgfjell har framtidig global verdi.

I forbindelse med markering av fleire jubileum på Juv i 2013 sette vi opp bautastein i Gamletunet til minne om at garden har vore 100 år i slekta og at garden si historie kan dokumenterast tilbake til 6.2.1331.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Ålandsboka omtalar diplomtet datert 6.2.1331 som fører gardshistoria på Juv så langt tilbake som 1200-talet, nesten til vikingtida og eg har spurt både stats- og riksarkivet kvar dokumentet var å finne og fekk til svar at det truleg var i eit arkiv i København, dvs som å leite etter ei nål i ein høystakk. Så, ein dag for 3-4 år sidan hadde ei Nordfjord-dame vore i Bergen, men var for sein på bussen og slo i hel tid på Bergen Museum. Ho fortalde ein kjenning at ho hadde eit svært gammalt papir om garden Juv. Museet hadde laga ei spesialutstilling om Munkelivklosteret og teke fram originalen (sjå framsida).

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg har brukt Mitt kulturminne som ein del av Kultursmak og formidling av livsarven til gjestane som kjem til Juv. Diplomet som namngjev sjølveigande bønder tilbake til 1200-talet er med det eldste ein kjenner i Nordfjord. Som noverande eigar av Juv er eg svært stolt av dette og ynskjer å løfte det fram i lyset slik at vi som bur i Nordfjord kan vere klar over at det også er «vårt kulturminne».

Kommunen sine kommentarer til dette kulturminnet:

Tiltak: Ingen spesielle.

Intervjuskjema nr. M7

Intervju utført: 02.01.2015 av Inger Fure Namn intervjuobjekt: Marie-Johanne Folven Adresse: 6799 Oppstryn	Namn på kulturminnet: Erdal skulehus	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 22, bnr6. Ligg like ved bygdevegen i Erdal, Oppstryn. Eigen tilkomstveg og parkeringsplass. Kartkoordinat X:6863190, Y:400400
---	--	---



Marie Johanne på skuletrappa.

Generelt om interessa for kulturminne:

Gjennom 30 år i Erdal har eg vore med i ulike arbeid for bevaring av kulturminne i bygda. Det har blitt færre menneske på bygdene og hus etter hus vert ståande tome. Dei fleste er i privat eige og ein kan ikkje gjere noko anna enn å oppfordre til vedlikehald og bruk. Eit gammalt skulehus er felleseige, så det kan også eg gjere noko for å bevare.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Erdal skulehus har eit vald styre som står for drift og vedlikehald. I 2014 vart eg vald inn i styret og er leiar der. Noko av det første vi ville gjere, var å vaske og måle huset ute, så det gjorde vi på dugnad sommaren 2014. Då eg sto på stillas og vaska og måla oppe under mønet, kom eg inn på ei måling som måtte vere over 100 år gammal, og dei sterke takbjelkane med krokar for bardunar gjorde inntrykk. Då vi i same perioden rydda og vaska inne, kom det til syne ein koffert med arkiv over losje Oppstryningen, eit godtemplar-lag med over 60 medlemmar i perioden 1932 – 62. Med lagsprotokoll og møtebok vart dette eit vitne om tidlegare tiders lagsarbeid, møtestad Erdal skule.

I nyare tid har vi mange gode samlingar i og utanfor dette huset, der bygdefolk kan treffast.



Skulen sett frå vest



Skulen sett frå vegen.



Interiør frå skulehuset i Erdal, som no vert nytta til kulturaktivitetar.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg er svært interessert i at dette huset og miljøet rundt kan takast vare på som den perla det er. Ikkje mange av dei gamle skulehusa står så fint som Erdal skulehus. Det er ikkje endra vesentleg frå opphavleg stil, berre doet er bygt nytt då det gamle gjekk med i nyttårsstormen i 1991. I tillegg til nymåling har styret planlagt å ta att golvet inne for å få bort den gamle linoljen som er der. Det er eit stort arbeid som vi har søkt om offentlege midlar til. Elles har vi starta med ei "avis" som vi sender ut til støttemedlemmer. Der informerer vi om kva som skjer og formidlar historia til skulehuset. Vi har og gjennomført kafé-dagar med stor oppslutning. Gjennom året har vi planar om kveldar med ulike tema og innhald: spikke sopelimar (sovlar), gamle ord og uttrykk, songar frå bygda, trørgel-konsert m.m.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

På garden Rygg ligg skulehuset for Erdal skulekrets. Huset vart teke i bruk i 1902 etter at det vart vedteke bygd av tømmer frå "Lomsskogerne" i Oppland, altså henta frå Lom til Oppstryn med hestetransport. Berre det gjer huset til eit kulturbygg av dei sjeldne. Sidan skulekrinsen vart slått saman med fleire i 1975, vart huset overteke av krinsen som samlingslokale. I snart 40 år har grenda Erdal teke vare på og vedlikehalde huset og brukt det til festar og jubileum, kafedagar og møteverksemd. Vi ynskjer å halde ved like huset i original stand og slik kunne dokumentere korleis skulehistoria vår er. Bøker, plansjar og utstyr er tilgjengeleg og til utstilling. I sommarsesongen er huset brukt til samlingar og større kafedagar der bygdefolk og turistar møter opp. Elles i året kan huset brukast til gebursdagsfestar og mindre møteverksemd. Det er viktig å ta vare på dette gamle huset som har stått i over 110 år. Under kledninga er tømmerveggar. Som kulturformidlar vil denne skulestova stå som eit godt eksempel på vel bevarte bygg frå 1902. Inventar og eksteriør er intakt og der er få slike velhaldne skulehus att i vår del av landet.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det er ynskjeleg at samfunnet hjelper til med utgiftene til vedlikehald og forsikring av dette flotte huset. Det er hardt arbeid å drive frivilleg dugnadsarbeid, sjølv om det er moro også. Med eit årleg kommunalt tilskot på t.d. 10 000 kr, ville huset vere sikra for framtida. Og styret ville få kreditt for innsatsen gjennom denne støtta.

Det hadde også vore bra å få Erdal skulehus med i dei kommunale planane for bygningsvern, om det finst slike.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Styret for skulehuset fekk i 2016 tilskot frå kulturminnefondet til reparasjon av golvet i skulehuset.

Intervjuskjema nr. M8

Intervju utført: 03.04.2016 av Odd Rønningen Namn intervjuobjekt: Egil Erdal Adresse: 6798 Hjelledalen	Namn på kulturminnet: Erdalstunet	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr. 21, bnr 2, Erdal. Tun med opprinneleg 6 bruk med tilkomst frå kommunal veg gjennom Erdalen Kartkoordinat X:6863400, Y:400429
---	---	--



Egil Erdal ved merkesteinen i grunnmuren på våningshuset på Samelbruket. «LK SE 1884». Som betyr: Samelbruket, Erdal 1884. Lasse og Kolbein (som var dei namna som odelshavar vekselvis skulle nytte.

Generelt om interessa for kulturminne:

Sjølv om Egil Erdal ikkje heiter korkje Lasse, Kolbein eller Samel, så har han gått inn i den lange rekka på garden som har halde kulturlandskapet ved like. Så godt det har late seg gjere. Trass i at tida ikkje strekk til og maskinene er vorte for store har han teke opp kampen mot gjengroinga.

Egil er fyrst og fremst oppteken av historie. Historie om og historia bak. Han dyrkar forteljinga og beskriv for lengst avdøde menneske frå dalen på ein så livfull måte at du kan sjå dei for deg. Tjukken og Rolf til dømes. Då dei skulle hente den fyrste AEB- tohjulstraktoren- til garden sin i Erdalstunet. Den vart levert v/Mølla på Grande. Dei torde ikkje prøve å starte nyvinningen og Tjukken drog den med børatog, medan Rolf sat på og styrte.

Men Egil meiner også at verdien i historia også er betinga av at det også finst synlege spor igjen i terrenget av det som var. Ein må ta vare på, men ikkje frede.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Dette er mitt kulturminne fordi det er her eg har levd. Det er her vi hadde barndomen, det var her vi leika og tok alle utfordringane. Det var her vi vart vaksne og tok ansvar. Det var her vi lærde det meste. Folket levde tett. Her gjekk besøket til nabogarden rett forbi trappa på vårt hus. Mykje var ulikt slik vi har det i dag. Det er ikkje så mange igjen som kan hugse og fortelje vidare. Dermed føler eg eit ansvar for å føre dette vidare.



Grova gjennom Erdalstunet er ei oppkome frå den grove steinura under Alvegjølet. Ho renn framleis i dagen forbi Samelbruket, slik ho tidlegare gjorde heilt ned til møtet med Erdalselva. Grova var kryssa av svært mange klopper. Berre forbi Samelbruket er framleis fire bruklopper intakt. Kvar ein stein på dette bildet ligg slik den gjorde då forfedrane kjølde mjølk og andre næringsmiddel i «bekkjen» (eige løp til høgre i bildet), eller kokte og vaska klede ved «dæla» (hovudløpet i grova) til venstre. Klestørkesteinen i forgrunnen var alltid gullande rein.



Grova ligg i delet mellom to av dei tre hagane på Samelsbruket. Den nærastliggande hagen til våningshuset hadde blomsterbed ute på murkanten, her var frukttre og bærbusker. Ingen beiting. I hagen i midten (forgrunnen) var det frukt, bær og rabarbra og i hagen lengst vekk i bildet beita kopplam og andre «heimedyr». Oppe i krattskogen lengst vekk i bildet stod pelsdyrgarden. Alle dei tre hagane var inngjerda av steinmurar. Hage nr to og tre var også skild av den gamle ferdselsvegen vidare innover Erdalen.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Vi ryddar grova kvart år. Dette er spesielt viktig no som grova går lange strekningar i rør. Vi gjer også mykje ryddearbeid med hogst av renningar i teinene og sona rundt hagane.

Men dersom det gamle kulturlandskapet i Erdalstunet skal kome meir fram i lyset må det felles innsats til. Og vi har mykje felleskap i Erdalen. Vi har felles beitelag for Erdalen og for Grasdalen. Vi har veglag for setrevegen og felles vassverk for Erdalstunet. Alle desse organisasjonane fungerer godt. Eit felles prosjekt for å rydde alle teinene og steingardane kunne vore ei oppgåve for felleskapet, med bidrag frå det offentlege.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

All natursteinsmuring på Samelsbruket og Larsbruket i Erdalstunet er bevart, i tillegg til svært mykje av murane i troda som er felleseige i Erdalstunet. Ein og anna stein er falle ned frå trodene (teinene), men alle murar er godt synlege.

Garden Erdal vart rydda ein gong i mellomalderen (1400-talet). Den hadde fyrst namnet Undir-Brekku (under bratt brekke). Seinare finn ein namnet Irvdalr, som kan kome av ordet hjarpr (brun farge) eller det kan ha utspring i ordet yrp som tyder strid, fossande del av elv. I 1520-30 åra hadde den fått namnet Erdall.

Erdalstunet består av seks bruk, som har fire utmarksbeite; Storesetra i Erdalen for mjølkefe, vårbeite med gardfjøs i marka på vestsida av Erdalen, småfebeite i Grasdalen og febeite i utmarka mot Alvegjølet og Hjelle. Teinene frå Erdalstunet fører ut i dette sistnemnde. Garden på Øvste Rygg hadde sin tilkomstveg gjennom tunet på Samelbruket, og mjølkeleveringa frå dei sju bruka var frå mjølkerampa i Erdalstunet. Ved sidan av Erdalstunet, er det innmarksarealet oppe på Gjerstad som er det mest sentrale elementet i trodesystemet. Vegen opp til Øvste Rygg går gjennom Sameltunet og vidare parallellt med troda i eigen trase opp til Rygg. Ved Øvste troda går troda i eigen adskilt trase parallellt med vegen. Øvste troda rundar rundt heile Gjerstadmarka, og grensar i søraust mot innmark på Rygg, i sør mot alle inntuna på Erdalstungardane, før det mot nordvest grensar til innmarksbeite lenger nord. I dei fleste områda hadde steinmurane full høgde til å sperre dyra frå kryssing, men fleire stader vart det i tillegg satt opp tre (seinare tråd)-gjerde. Som gjerdestaur vart nytta kløyvde seljestokkar. Dette gjev mange hundre meter med muring å halde vedlike. Dette i tillegg til den lange teina på motsatt side av dalen mellom «Teigane».

Grova var livsnerva i det gamle Erdalstunet. Her var avkjøling for alle typer mat om sommaren. Her var vaskeplass for klede med kleskoking og skrubbing. Her var skylling av tarmar og vember i slaktetida. Og kvileplass mellom arbeidsøktene. Her leika ungane, ved å krype under kloppene. Og i barnevogna, som stod på stabburskloppa, der låg minstemann, svevd i søvn av sildrelyden frå grova. Høgare oppe stod det også eit kvarnhus ved grova.

Alle teinene var livsviktige ferdselsårer opp i landskapet bak. Svorabakkjen finn du inne i skogen der den nordvestlege teina når ut i utmarka. Her ligg ei flate dit ungane i Erdalstunet gjekk for å leike. Her forbi renn ei anna grov, Trodegrova, som også er ei oppkome.



Troda frå Larsbruket opp mot Gjerstad, med ruinane av masstove til høgre.



Starten på Øvste i framkant av natursteinsmuren og med vegen til Øvste Rygg mellom murane.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at i det minste det offentlege ikkje bidreg til at dette kulturlandskapet vert rasert. Det har kvalitetar som gjer at det bør takast vare på. På den andre sida ligg det i bakhovudet at etterkomarane mine må ha friheit til å utvikle gardsbruket. Ein må unngå nokon form for freding.



I denne barnevogna låg småungane og sov på stabburskloppa, til musikk frå Grova. Dei sov både vel og lengje.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Utan at dette er dokumentert, vert steingard-systemet i Erdalstunet vurdert som eitt av dei største (mange bruk) og best bevarte i sitt slag i Stryn kommune.

Intervjuskjema nr. M9

Intervju utført: 22.04.2014 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Else Sætre Jensen Adresse: Lysaker Brygge 3, 1366 Lysaker	Namn på kulturminnet: Handelsstad i Indre Nordfjord med butikk/landhandel og Dampskipsekspedisjon.	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 150, bnr 9. Faleide ligg 7 km vest for Stryn sentrum. Kartkoordinat X:6864053, Y:374760
---	---	--



Gamlebudene under restaurering.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid hatt stor interesse for å ta vare på det gamle.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg har vokse opp på Faleide på denne handelsstaden. Her var det eit fantastisk miljø. Butikken var ein samlingsstad for å slå av ein prat, og når båten kom, så kom folk for å sjå på båten og oppleve den gode stemninga. Båten tok med seg, og kom med både mennesker, dyr og varer.

Nesten alle som budde på Faleide hadde forskjellige yrke, og det var såleis eit spennande og rikt miljø.



Gamlebudene i framgrunnen og den nye bustaden ferdig restaurert 2015.



Gamlebuda mot sjøen.



Else Sætre Jensen på den nyrestaurerte kaia.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Har restaurert det gamle huset, brygga og dei to gamle budene. Den eldste delen i gamlebuda var eit gammalt naust som dei flytta dit i 1863. Vi veit ikkje heilt kor gammalt naustet var, men frå 1850 eller muligens mykje eldre. Buda vart påbygd i 1882 av Olai Tenden. Denne buda er no freda av riksantikvaren.

Vi brukar husa som fritidshus pr i dag. Det har blitt ein samlingsstad for familien, og er til stor glede for bygda. Det er framleis mange som synest det er kjekt å ta ein tur ned på brygga og sjå på den flotte utsikta mot fjorden, og minnast farne tider.

Vi vil ta vare på denne staden ved bruke den, og halde husa ved like. Vi vil også påvirke neste generasjon til å gjere det same.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Oldefaren min Ivar Raad starta handel på eit naustloft i 1886. Det var på tomte ved sida av der gamlehuset står. Handelen gikk fint, og i 1901 bygde han det som no er restaurert, gamlehuset. Der vart det landhandel. Etter kvart som han blei eldre fikk han hjelp av sonen sin Ole I Faleide. Han gav det vidare til mor mi Oddrun Faleide i 1937. Då hadde ho gått på G Kragseths Handelsskule, og fått praksis med butikkarbeid. Ho dreiv butikken i 6 år åleine. Då gifta ho seg med Oddvin Sætre som overtok dampskipsekspedisjonen. Dei avslutta handel på Faleide i 1984. Lastebåtane slutta å gå i begynnelsen av 1990 åra.

Faleide var sentrum i Indre Nordfjord, og folk kom langveis frå for å handle. Her var bank , postkontor, telegraf, skule, lensmann, doktor og dyrlege. Kommunestyret holdt møte i hotellet , som var i drift frå 1872. Der kom dei fyrste turistane til Nordfjord. Der var også ein butikk til, Markeneshandelslag, og det var ein livleg handel og båttrafikk. Min bestefar Ole I Faleide bygde eit hus ved sida av gamlehuset, og det vart pensjonat. I kjellaren på gamlehuset var det bakeri med utsalg i kjellaren på pensjonatet. Det var også skysstasjon på Faleide.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at samfunnet gjer alt dei kan for å verna for inngrep i kulturlandskapet!!! At det blir teke med i kommunale arealplanar og opprettholdt som verneområde vidare!

Der er også ei kai ved sida av dampskipskaia. Den har mange namn: Lisjebrygga, Postbrygga og Almenningsbrygga. Eit heilheitleg kaimiljø. Den høyrer med til Postvegen!


Miljøet på Faleide er i dag tungt belasta med tungtrafikk bl.a. pga.Tømmerkaia som ligg vest for sentrum. Det er eit stort ynskje at dette blir flytta vekk frå Faleide!!

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Både Pakkbuda og Den Trondhjemske postveg, Skaffarbustaden og landgangsbrygga har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M10

Intervju utført: 30.04.2015 av Dag Vanberg	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 122, bnr 2. På gardsbruket på Hilde i Innvik.
Namn intervjuobjekt: Steinar Hilde		Kartkoordinat X:6860251, Y:374632
Adresse: 6793 Innvik	Filmteknisk museum	



Filmframvisar frå 1952.

Generelt om interessa di for kulturminne.

Så lenge eg kan hugse har eg alltid hatt ei sterk interesse for kulturminne. Særleg har eg hatt interesse for historie og historieforteljing. I vaksen alder har eg óg vorten oppteken av å ta vare på – og, ikkje minst, å formidle det vi kan kalle kulturhistorie.

Dei siste åra har eg særleg vore interessert i å ta vare på film og lydopptak. Ved å ta i mot eldre filmar for digitalisering, har eg etter kvart skapt min eigen arbeidsplass. Gjennom dette arbeidet har eg bygd opp det vi kalle eit filmteknisk museum.

Kvifor er dette «Mitt kulturminne»?

Gjennom arbeidet mitt med digitalisering, vart eg meir og meir interessert og nysgjerrig i det reint tekniske, og då gjerne eldre opptaks – og filmutstyr. Til å begynne med tenkte eg slett ikkje på noko større samling eller filmutstyr. Men etter kvart fann



Filmframvisaren der lyset er drive av kolstavar

eg det rett, og ikkje minst spennande, å ta vare på eldre utstyr som eg hadde. Kundar som kom på besøk, vart óg begeistra for det eg allereie hadde samla. - Ja, men eg har noko utstyr heime som du kanskje er interessert i – var det mange som sa. Eg skulle få det heilt gratis.

Frå 2012 hadde eg så mykje eldre utstyr liggande at eg for alvor gjekk i gang med å byggje opp ei samling, ja, kall det gjerne museum. Av ting eg er særleg stolt over, er ein filmframvisar der lyset vart drive av kolstavar. Denne framvisaren er truleg frå tidleg på 1900 – tallet – og svært verdifull!

Eg har óg ein 35 mm filmframvisar som bygdekinoen nytta til framsyningar rundt om i fylket frå 1952- 72.

Kva har du gjort og kva kan du gjere for ta vare på «Mitt kulturminne»?

Eg forstod ganske snart at skulle eg byggje opp eit filmteknisk museum, måtte eg ta heile fjøsen i bruk. Dei romma som eg tidlegare hadde innreia i gamlefjøsen til arbeidet med filmdigitalisering, vart altfor lite. Med eigne midlar bygde eg om resten av fjøsen for å gje skikkeleg plass til filmteknisk museum. Eg var óg svært oppteken av å vise og formidle det eg har av kunnskap og teknisk utstyr. I eit av romma har eg lagt til rette for framsyning av eldre filmar for mindre grupper, f. eks. skuleklassar.

I det vidare arbeidet med samlinga, vil eg registrere og systematisere det eg har av gjenstandar og materiale. Eg vil óg hente inn meir informasjon og



16 mm framvisar frå 1950 – talet.

kunnskap om dei ulike gjenstandane i samlinga. Samlinga skal óg innhalde dokumentasjon av eldre filmar frå lokalmiljøet. Eg har óg eige domene/heimeside som blir kalla Filmteknisk.no.

Kva veit du om «Mitt kulturminne»?

Eg veit allereie ein heil del om gjenstandane i samlinga. Denne kunnskapen har eg for det meste tileigna meg gjennom arbeidet med å byggje opp samlinga. Det finst på mange måtar lite kunnskap/litteratur om gjenstandane eg har i samlinga. Stort sett har eg nytta nettstaden Wikipedia for å hente informasjon. Sjølv sagt har eg óg fått mykje verdfull informasjon av dei tidlegare eigarane av gjenstandane. I samband med registreringsarbeidet har eg óg planar om å lage eigen info om samlinga, for eksempel i form av eiga nettside og hefte.

Kva forventar du at samfunnet skal gjere for «Mitt kulturminne»?

Eg har heilt klart forventningar om at f. eks. Stryn kommune kan hjelpe til og vere ein støttespelar når det gjeld bruk og info om museet/samlinga mi. Sjølv sagt håpar eg óg at folk, organisasjonar m.fl. gjer seg nytte av det eg har å tilby.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M11

Intervju utført: 30.04.2015 av Arne P. Sunde	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Arne P. Sunde	Funn av 125 sølvpenner på Storesunde	Ved Vareberget, rett vest om Storesunde skule
Adresse: Storesunde, 6783 Stryn		Kartkoordinat X:6868879, Y:388267



Sølvmyntane vart funne her ved Vareberget rett vest for Storesunde skule i 1886, Her ser vi Arne P. Sunde og barnebarnet Andreas i ferd med å finne ut om det kan ligge att myntar som ikkje vart oppdaga i 1886.

Generelt om interessa for kulturminne:

Interessa for kulturminne har vore stor heilt frå oppveksten, og den blir ikkje mindre med åra. Kjennskapen til mange av kulturminna har vi fått gjennom munnlege overføringar frå generasjon til generasjon. Andreas Sunde som er sentral i denne saka, var ein dyktig forteljar og formidlar av både historiske fakta og gode historier. Han knytte også mange historier rundt dette myntfunnet. Historier som vi som born og ungdommar tykte var fasinerande å lytte til – og sjølv om dei var vanskelege å etterprøve, var dei ganske realistiske i høve til kva som kunne hendt.

Så får vi i etterpåklokskapens namn ta sjølvkritikk for at vi ikkje fekk teke vare på desse historiene både med lyd og bilde.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Forteljing om funnet av desse sølvmyntane har vi vakse opp med sidan barneåra. I bestefar si dramatiserte forteljing var dette på høgde med dei mest spennande barnebøkene på den tid. Det hadde skjedd så nær der vi vaks opp, og besten hadde sjølv funne myntane og knytt sine tankar til dette funnet.

Kven hadde lagt dei der?

Kvar kom myntane frå?

Kor mykje var dei verd?

Kunne det kome nokon tilbake for å hente dei?



Andreas er 5 ½ år, og det var tippoldefaren hans som fann myntane då han var 7 år gammal for snart 130 år sidan. Dette er ei historie det er vel verd å ta vare på som ein del av historia til Bendiktgarden.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Den faktiske informasjonen om kulturminnet skriv seg frå Aalandsboka, bind I side 571, under gard nr. 69 Storesunde. "I 1886 fann Andreas Sunde 125 sølvpenner frå 1600-talet ut med Vareberget under ein avlang stein." Det har vore skrive litt lokalt om denne saka av mellom anna av skuleelevar i Storesunde krins. Dei første av desse intervjuar truleg Andreas sjølv eller ein av etterkomarane hans. I desse historiene er det sagt at pengane hamna på Bergen Museum. Truleg var også dette intensjonen.

Då eg starta arbeidet med dette prosjektet, viste det seg ikkje å vere så enkelt. Korkje Bergen museum, Statsarkivet, Nordfjord folkemuseum, fylkesarkivet, Oldsakssamlinga i Oslo eller digitale kjelder kunne gje meg bekrefting på kvar myntane hadde teke vegen. Heller ikkje søk i eldre aviser (som kom ut i 1886) hadde skrive noko om dette funnet.

Så var det å gå tilbake til start. Kva anna kunne skjedd med desse myntane? Saman med ein eldre onkel enda vi opp med den einaste tenkjande løysinga som kunne vere aktuell: Myntane vart ikkje overleverte til Bergen Museum.

Arbeidet med å finne svar på denne oppgåva vart med ein gong mykje meir komplisert. Dei fleste av dei som kunne ha noko å fortelje om desse myntane er borte for mange år sidan. Så starta arbeidet ut frå nye føresetnader. Kven kunne vite noko om myntane, og var nokon av desse framleis i live? Gjennom kontakt med slekt og sleksskunnige, fann vi fram til ein person, 91 år gammal, som hadde positive opplysningar. Ved ei opprydding etter eit dødsbo, hadde ho kome over rundt 20 myntar som kunne matche dette funnet. Funnet hadde ho aldri høyrte om, og hadde heller ikkje noko meining om kvar desse myntane var komne frå. Ho hadde gått til ein mynthandlar for å få stadfesting på kva myntar dette var. Både tidfesting og verdifastsetjing. Myntane slik dei låg føre hadde ikkje den store samlarverdien. Myntane hadde blitt liggande i ein safe i 40 år. Ho var villeg til å overlate myntane til undertekna, og desse 20 myntane (18 av dei stammar nok frå funnet) er no tilbake på garden der dei vart funne. Kva så med dei andre? Dette er eit spørsmål det ennå ikkje er funne svar på.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Den faktiske informasjonen om kulturminnet skriv seg frå Aalandsboka, bind I side 571, under gard nr. 69 Storesunde.

"I 1886 fann Andreas Sunde 125 sølvpenner frå 1600-talet ut med Vareberget under ein avlang stein."

Andreas Sunde vart fødd i 1889, og var 7 år på den tida han fann myntane. Funnstaden låg rett vest for gardshusa der Storesunde skule ligg i dag. Myntane skulle vere sølv og var tidfesta til 1600-talet. Det har vore sagt at nokre av myntane var frå slutten av 1500-talet.

Kven som studerte desse myntane og kunne fastslå både metall, verdi og tida dei skreiv seg frå, veit eg ikkje. Myntane er små, ca. 1,5 cm i diameter. Ikkje alle er like lette å sjå skrifta på.

Vi fekk høyre om myntfunnet og påvist staden der funnet vart gjort. Kva som skjedde med myntane var ikkje tema for oss før langt ut i 50-60 åra. På denne tida fekk vi høyre at myntane var komne på museum i Bergen.

Det som seinare vart opplyst frå familien, var at eit familiemedlem som Andreas var onkel til, og som var meir inne det offentlege systemet skulle hjelpe til å få plassert desse myntane. Truleg kan dette ha skjedd rundt 1915. Kvifor det ikkje skjedde før, veit vi ikkje.

Slik det ser ut i dag har myntane blitt verande i denne familien i alle fall fram til etterkrigstida (47 - 48). Myntane har så blitt splitta. Kanskje er størsteparten av dei (107) selde til myntsamlarar. 18 myntar av det opprinnelege funnet er no komne tilbake til Stryn.

Dette er oversikten over dei myntane som er att:

2 shilling, 1625 (Cristian IV, Danmark), 2 shilling, 1625 (Cristian IV, Danmark), 2 shilling, sølv, 1625 (Cristian IV, Danmark), 2 shilling, 1626 (?) (Cristian IV, Danmark), 2 shilling, 1626 (?) Skada (Cristian IV, Danmark), 2 shilling, 1645 (Cristian IV, Danmark – Gluchstad), 2 shilling, sølv 1647 (Cristian IV, Norge), 2 shilling, sølv, 1648

(Christian IV, Norge), 2 shilling, 1648 (Fredrik III, Danmark – Glüchstad), 2 shilling, 1648 (Cristian IV, Danmark – Glüchstad), 2 shilling, 1650 (Fredrik III, Danmark – Glüchstad), 2 shilling, 1650 (Fredrik III, Danmark – Glüchstad), 2 shilling, 1650 (kantskade) (Fredrik III, Danmark – Glüchstad), 2 shilling, sølv, 1651 (?) (Fredrik III, Norge), 2 shilling, sølv, 1652 (Fredrik III, Norge), 1 shilling, sølv, 1654 (Fredrik III, Norge), 2 shilling, sølv, 1656 (Fredrik III, Norge), 2 shilling, sølv, 1658 (Fredrik III, Norge)

Det som fasinerte oss born og ungdommar mest, var besten sine forteljingar om myntane. Ingen viste korleis desse myntane var kome dit dei vart funne, og dette pirra nok besten si evne til å setje saman ”ei røvarhistorie” der mykje av innhaldet truleg kunne vere reelt.

Myntane skreiv seg frå eit tjuveri. Tjuven hadde teke med seg pengane på turen gjennom Stryn. Kanskje var lensmannsfolka i hælane på han, og byttet måtte gøymast. Han fann ein god gøymestad bak denne steinen ved Vareberget. Rømminga forsatte, og om han vart fakka av lensmannsfolka visste han ikkje. Men når ting hadde roa seg ned, ville tjuven kome tilbake for å hente pengane.

Men han kom ikkje! Kvifor? Vart han fanga og fengsla på livstid? Døde han, og fekk aldri kome tilbake til gøymestaden?

Dette er ikkje ulikt hendingar som skjer den dag i dag. Ransutbytte blir gøymt bort, og ”gravd fram” att til og med etter ei lang soning i fengsel.

Sjølv om historia var 70 år gammal når vi fekk høyre den, var det ikkje fritt for at vi kikka etter om tjuven skulle vende tilbake til gøymestaden.

Mykje av spenninga i historia var knytt til dette.

Men det er mange uløyste spørsmål rundt dette funnet.

Når vart pengane gøymde der? Dette kunne godt skjedd 100 år før Andreas fann dei. Dei yngste av myntane er daterte til slutten av 1650-åra.

Kor stort var dette tjuveriet? Kva var verdien målt opp mot dagens pengeverdi?

Kvar kom myntane frå? Kven var det som hadde mista desse pengane?

Kven var denne personen som hadde gøymd pengane der? Gjest Bårdsen?

Eller: Kan det vere ei heilt anna forklaring på denne historia?

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg har stilt spørsmål til ekspertane om kva som bør gjerast med desse myntane.

Til no har eg ikkje fått noko svar på dette.

Kanskje er ikkje dette interessert for storsamfunnet, og det vil vere eit minne som for framtida blir teke vare på som ein del av forhistoria til Bendiktsgarden.

Myntfunn ved Varberget i 1886

Andreas Sunde (7 år) fann 125 sølvmyntar ved Varberget på heimegarden på Storesunde i 1886.

Bildet viser nokre av myntane han fann.

Desse myntane er frå dansketida frå tidleg til midten av 1600-åra.



2 shilling, 1625
Cristian IV, Danmark



2 shilling, 1645
Christian IV, Danmark
Glüchstad



2 shilling, sølv, 1647
Christian IV, Norge



2 shilling, 1648
Fredrik III, Danmark
Glüchstad



2 shilling, sølv, 1652
Fredrik III, Norge



1 shilling, sølv, 1654
Fredrik III, Norge

Her er ein oversikt over nokre av myntane. Dei skriv seg frå dansketida, og fleire av dei er rundt 400 år gamle. Det er i 2015 snart 130 år sidan dei vart funne.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.



Andreas Sunde (den aller yngste) med ein 2 shilling frå 1625.

Intervjuskjema nr. M12

Intervju utført: 30.04.2015 av Dag Vanberg Namn intervjuobjekt: Herleif Hammer Adresse: 6793 Innvik.	Namn på kulturminnet: Futebordet	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 129, bnr 2. Plassert som bordplate på Hansbruket på Heggdal. Kartkoordinat X:6858490, Y:373544
---	--	---



Herleif Hammer ved
Futebordet fotografert i
2015.

Generelt om interessa for kulturminne:

Heilt frå eg var ein smågut har eg interessert meg for gamle ting, og, ikkje minst, historier og fortal frå gamle dagar. Bestefar min som var fødd i 1869, var ein kløppar til å fortelje spennande og interessante soger og eventyr frå eldre tid. Særleg likte eg å høyre fortalet om ein bjørn med to ungar som hadde vore på ferde på Kårstadstøylen i Utvik.

Etter at eg vart vaksen, vakna óg interessa for å ta vare på eldre kulturminne. Dette gjeld ikkje minst eldre bygningar og tunmiljø. Eg har m.a. rekonstruert det gamle Heljetunet slik det såg ut før dei store utskiftingane sette inn. Det har óg vore viktig for meg å ta vare på utstyr og gjenstandar som høyrer til på Heljebruket. Eg må óg få nemne at eg alltid har vore oppteken av stadnamn på inn - og utmark på Heggdal, og har skrive ned ein god del namn. Dette kom vel til nytte i høve den store stadnamninnsamlinga for nokre år sidan.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Frå eg var småstrik har eg høyrte fortalt den spennande historia om Helje Bagge. Han Helje budde her på garden på 1500 – tallet. Det var han som var hovedmannen bak eit futedrap her på garden. «Drapsvåpnet» var eit overhending stort steinbord på fleire hundre kg. Futebordet, som vi kallar dette steinbordet, er eit viktig kulturminne for garden og bygda, ja, for heile kommunen.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har ikkje gjort så mykje for sjølve futebordet, men eg har no på min måte vore med å halde opp minnet om dette forvitnelege steinbordet. Og dette vil eg halde fram med så lenge eg er oppegåande og talefør. Eg vil gjere mitt til at Futebordet også i framtida vert ståande i område til det gamle Framigardstunet her på Heggdal.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Segna fortel at Helje Bagge sjølv var fut og skatteoppkrevjar tidleg på 1500 – tallet. Han skulle vere ein mann av folket og godt likt. Det er sagt om den nye futen som tok over etter Helje, at han var ein hardeskavar og kravde inn meir skatt enn han hadde rett til. Folk var rasande over slik framferd! Under ei



Futebordet i Innvik.

tingsamling på Heggdal kring 1520, var folk så oppøst og harme at dei velte det store tingbordet over futen og drap han.

Segna fortel vidare at Futebordet seinare vart nytta til bru over ei lita elv som renn gjennom Framigardstunet – no Hans-tunet – på Heggdal. Og slik vart helja liggande i fleire generasjonar framover. For nokre år sidan vart det lagt ny veg gjennom tunet, og steinhelja vart teken bort frå elva og sett oppatt som hagebord i Hans – tunet. I høve flyttinga, vart det skapt ny interesse for Futebordet, heggdalskarane kan atter samle seg kring steinbordet og minnst saga om Futebordet og Helje Bagge.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg meiner i alle høve at Futebordet ikkje må flyttast frå Hans – tunet. Elles skulle eg ønskje at kommunen kunne vere med å legge til rette for info ev. skilting av steinbordet. Slik det står i dag, er det berre bygdefolk, og knapt nok det, som kjenner til dette segnrike steinbordet.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M13

Intervju utført: 28.april 2015 av Inger Fure	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Oddgeir Brekke	Stor gammel kvern	Brekke g.nr.33 br.nr 3 Utigard.
Adresse: 6799 Oppstryn		Kartkoordinat X:6867791, Y:395081



Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har teke vare på ein del gamle ting som eg kan vise fram for komande generasjonar, slik at dei ser korleis det vart brukt før.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg har høyrte mange historiar om kverna, eg ser ho omtrent daglig og eg føler eit visst ansvar for å ta vare på den.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Då eg bygde nytt sagbruk og garasje, tok eg vare på kverna så ho ikkje vart skada. Ho vart sett i det gamle sagbruket.

Gamlelensmannen kom til gards og plomberte kverna og sa at dersom mysene gneg av strengen får de gje beskjed.



Detaljar frå gamlekverna.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Kverna på garden sto i tidligare tider lenger aust enn i dag, ved ei elv som renn ut ved Nesje. Kvernhusa der forfall, og kverna vart bygd opp att på sagbruket på garden. Den vart då driven med elektrisk kraft. Kverna vart mykje brukt under krigen. Folk kom køyrande med korn eller sende det opp med taubana, og så vart det sendt ned att når det var malt til mjøl. Dette var ikkje heilt lovleg, så bestefar min vart meld. Gamle-lensmannen Årnes kom då til gards og plomberte kverna. Så sa han at dersom mysene gneg av strengen får de gje beskjed.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Ikkje noko spesielt, berre at det får stå der.



Kommunen sine kommentarer til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M14

Intervju utført: 28.april 2015 av Inger Fure	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Jon Aaning	Gamle steinmurar.	På garden Åning Gnr 32, br.nr. 1 og 3.
Adresse: 6799 Oppstryn		Kartkoordinat X:6867290, Y:395470



Jon ved ein av dei fine bakkemurane på garden Aaning.

Generelt om interessa for kulturminne:

Då eg vaks opp, budde vi ikkje så langt frå gardane Åning og Brekke der ein kan fylgje slektene mine tilbake til 1600 talet. Det vart mykje besøk på begge gardane i lag med foreldra mine. Dei tok ofte del i arbeidet, mor på Brekke og far på Åning. Slik voks eg opp med nær tilknytning til kulturen og kulturlandskapet. Som vaksen kjøpte eg Åning og har etter kvart fått større og aukande forståing for det slit og arbeid dei tidligare slektene har lagt ned i området.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

For å heidre det arbeidet som er nedlagt med å bygge alle desse murane, ca. 500 m langde til saman, og med ei høgde frå 1m og opp til 3-4 m på det høgste. Nokre går og djupt ned i jorda. Murane er laga av ei blanding av stor og liten stein. Steinen fann dei når dei rydda og "braut jord". Då fekk dei nytta steinen utan å frakte den lange vegar.



Mur mot grov



Detalj av mur.



Mur for å få det flatare.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Det har vore særleg viktig å passa på å ikkje køyre for nær murkantane med tunge maskiner. Dersom ein får trykk og press mot og på murane, vert dei fort skada. Eg har også prøvd å halde murane fri for tre og busker, dei kan fort øydelegge dei dersom dei får vekse i fred.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Murane si hovudoppgåve var nok å få vidare, litt flatare slåttemark. Til dømes er ein av murane laga ved ei grov, då fekk dei mark heilt inn til bekken, og bekken gjorde ikkje skade på marka. Stader der fjellknausar stakk opp la dei mur, dekte over og dermed var knausen vekke. Vegar vart også oppmura, og murar nytta som gjerder mot utmark. Storparten av murararbeidet var utført av min oldefar og bestefar, seinare mura onkelen min litt, den siste var eg også med på (i 70-80 åra) i lag med far min. På br. nr. 3 var det den tidligare eigaren Andrias som laga ein del av dei.



Mur med stikkrenne.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Mykje steinmurar og steingardar har gått tapt med det mekaniserte jordbruket. Eigarane har ansvaret, men samfunnet har og late det skje. Det er litt seint å gå inn med tiltak når det meste er vekke. Eit stort paradoks at Noreg no held på å finne opp att "steinmuringskunsten" ved hjelp av sherpaer frå Nepal (og stor pengebruk) Samfunnet let maskinene overta arbeidet, og "kunsten" og handelaget gjekk i grava med gamlekarane. Eg var heldig å fekk lære det.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M15

Intervju utført: 29.10.2015 av Odd Rønningen	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Morten Christian Vanberg.	Vanberg Heimtun, Olden. Gamlehuset på Markusbruket	Gnr 118, bnr 9 på Vanberg, mellom Olden og Innvik.
Adresse: Landøyveien 27, 1394 Nesbru.		Kartkoordinat X:6860945, Y:381837



Vanberg Heimtun, Olden. Gamlehuset på Markusbruket.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid vore interessert i historie, folkeliv, kunst og kultur. Alt som liten gut såg eg verdien av å ta vare på dei gamle bygningane, og bli kjent med dei gamle tradisjonane og livet på ein Nordfjordgard. Dette sjølv om eg voks opp på austlandet.

På garden på Vanberg var det mange gamle ting, slik som verktøy osv, og eg vart vist korleis det skulle brukast. Då eg var 7-8 år hugsar eg mor spurde oldefar om korleis ein kinna smør. Eit par dagar etter kom oldefar med ei nylaga kinne han hadde laga i kjellaren, og viste korleis ho såg ut og korleis ho skulle nyttast.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Kvart einaste år i heile oppveksten var eg på Vanberg på sommarferie. Eg lærte meg tidleg å setje pris på både Gamlehuset (som er mitt kulturminne) og livet på garden. Oldefar Ola M. Vanberg var ein sprek og artig mann, som sang og fortalde om fortida, om oppveksten og tida då han med Andre Hornindals kompani skulle mobilisere mot Sverige i 1905.



Ola Markusson Vanberg og Anne Vanberg med Martin (f. 1899) på fanget.

Gamlehuset var fullt av fotografi av slektningar og ofte var det folk på besøk, og mangt å høyre. Familien på austlandet har alltid vore knytt til Olden og Vanberg, og det vart fortalt mange historier om og frå garden og livet der.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Frå vi overtok det gamle våningshuset i 2004 har eg gjort kva eg har kunna for å setje det i stand og halde det ved like. Eg ynskjer å forandre minst mulig på bygningen. Det er etter mitt syn svært sjeldan at ein finn eit hus som er så lite endra på over så lang tid. Bygget er frå ca 1875. Både utvendig og innvendig er det knapt gjort endringar. Også inventaret er det same som i gamle dagar. Då vi la inn elektrisitet og vatn i 2006, vart det gjort på ein forsiktig måte, utan å endre huset sin karakter. Vi har verkeleg prøvd å halde bygningen i orden, og vil nå restaurere alle gamle vindu, også utvendige ornament og dekor. Og ikkje minst vil vi skifte ut eternitt som takbelegg, og erstatte dette med skifer.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Namnet Vanberg eller Vangberg har vore kjent frå langt tilbake. Lærar og skulebestyrar Olav Vanberg gav i 1979 ut bok om Markus-slekta og garden si historie. Han meiner det har vore busetjing på tunet tusen år eller meir før Munkelivsboki. I denne «boki» skal garden Vanberg vera nemnt frå 1175 under namnet Vangberghe.

Garden er også omtalt i «Björgynjar Kalfaskinn», ei «jordbok» frå Munkeliv kloster (Bergen) frå 1306-1360. Garden Vanberg vart delt opp i tre bruk på 15-1600-talet. Bruka, slik dei ligg i dag er Anders-bruket, Markus-bruket og Framigard. Markus-bruket er det midtre, og etter alle solemerker også hovudbruket. Fram til andre halvdel av 1800-talet budde folket på gamletunet i små stover. På tunet den gong stod lade, stabbur, stove, nustove, matstover m.m. Min tippoldefar Markus Vanberg bygde større våningshus med plass til heile hushaldninga og stovene vart reve. Byggeår er ca 1870-1880. Det vart sagt at mykje tømmer vart henta over fjorden frå Markane, der det var rikeleg med furu. I tillegg vart ein del materiale frå dei gamle stovene nytta. I dette huset budde Markus Olsson Vanberg med hustru Torine med barn og andre slektningar. Mellom anna ein ugift bror Rasmus, som var bøtke og lagte tønner i Gamlehuset sin kjellar. Der hadde dei benk for å smi tønneband, høvlar og diverse verkty frå den tida. Markus var også skipper på Vanbergjekta som segla til Bergen mellom anna med ved, tønner og anna salgsware. Min oldefar Ola Markusson Vanberg var eldste son, født i 1869. Han var ein kjent person i Olden og vart nytta som kjøgemeister, las dikt og song folkeviser. Terje Vigen kunne han utanat, og han opptådte i NRK med viser. Ola var også fingernem og laga og reparerte sko i skomakarverkstaden i huset. Han lagde også kinner, buttar og ulike typer flettverkskorger. Han var gift med Anne og dei fekk fem gutar og to jenter. Ola levde på garden til han var 99 år. Min farfar var eldste son, men han sa frå seg odelen og busette seg på austlandet og dreiv kolonialhandel. Markus-bruket gjekk til ein yngre bror Bernhard Vangberg, som i 1950 bygde nytt våningshus og løe nedanfor Gamlehuset. Heimtun, med vel eit mål tomt, vart kjøpt av min farfar Martin i 1950, og har seinare berre vorte nytta som feriebustad for familien. Min far Ole B Vanberg overtok i 1967 og eg overtok frå han i 2004.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Til det omfattande restaureringsarbeidet som skal utførast trengst det økonomiske midler. Eg har planar om å søke Norsk Kulturminnefond om støtte til dette. Andre økonomiske bidragsytarar trengst også. Eg meiner bygningen er verd å ta vare på, og ynskjer at kommunen gjer ei kulturminnefagleg vurdering av bygningen og ser på huset som verneverdig. Dette vil også vera av verdi i høve søknad om midler frå Norsk Kulturminnefond.



Gamlehuset på Markusbruket slik det ligg i dag.

**Kommunen sine
kommentarar til dette
kulturminnet:**

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M16

Intervju utført: 30.01.2015 av Inger Fure Namn intervjuobjekt: Edith Guddal Adresse: Guddal, 6798 Hjelledalen	Namn på kulturminnet: Gamletunet i Sunndalen.	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 18, bnr 4. Ved enden av vegen inn i Sunndalen, utover til venstre for låven som står der. (4,7km frå rv 15) Kartkoordinat X:6864325, Y:407300
--	---	--



Edith på gamletuftene på Sunndalen. Står her nedfor fjøsen på br.nr 1.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid hatt interesse for gamle ting, gamle segn og ikkje å forgløyme gamle murar og tufter der eg veit at det har vore fastbuande.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg vil difor ta fram det gamle tunet i Sunndalen, der berre nokre av murane står att. Interessa for dette kjem av at farsslekta til mannen min, Sigvard Guddal, kjem derifrå.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Då eigedomen er på andre hender i dag, er det vanskelig for meg å gjere noko med det.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Det er ein gamal gard, staden vart skildra slik i 1693: "Ligg høgt til fjells inn mot Opplandsfjella og Jøstedal, er oppteken frå Guddal, ligg under den fordærvelige blåbreen, som bryt ut både i solskin og regn, og ligg



Edith ved tuftene av fjøsen og stova på bnr. 3 og 4.

att med ei forfærdelig elv som kjem frå breen. Frå breen skyt det ned store usigelige steinar, som tek bort eller øydelegg gardane.” Sunndalen var lenge 2 bruk. Det eine bruket var slekta til Nils Sundal som flytta til Grønfurvika, det andre var der som bestefaren til Sigvard var oppvaksen. Det er vel den garden i Nordfjord som har hatt den mest tragiske lagnaden som ein veit om, gong på gong har det rasa, teke hus og menneskeliv, likevel var det slektningar som våga å byggje opp att garden. Dei største snøskreda gikk i 1718 og 1868. Det første tok 11 menneske og alle dyra, det andre tok 13 menneske, 31 storfe og 120 småfe. Det har gått 13 ras som ein veit om som har gjort stor skade. Det siste var i 1902, då fleire hus vart tekne. Sidan den gong har der ikkje vore fastbuande. Ein av sønene til Absalon Sundal heitte Sivert, han kjøpte seg ein gard i Guddal av Kolbein Guddal som reiste med fam. til Amerika. Sivert tok då namnet Guddal. Dette var i 1880. Han var då 30 år. Broren Lars var i Sunndalen, han overtok garden då faren Absalon døde i fonna i 1868.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg meiner at dette er eit kulturminne ein bør ta vare på med å rydde vekk skog og kratt så murane syner meir. Gjerne lage til ein sti frå hovudvegen og få til ei minnestøtte med namna til dei som omkom i rasa.



Murane etter bnr. 3,4 på Sunndalen. Fjosen til venstre og bustadhuset til høgre.





Fjøsmurane på bnr. 1.



Detaljar frå fjøsmurane på bnr. 1.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Dette kulturminnet var med i prosjektet «Historiske vandreruter» som eitt av sju fokuserte kulturminne langs ferdselsvegen over Kamperhamrane, mellom Sunndalen i Oppstryn og Skjåk i Ottadalen. Kulturminne – ID 1004578 i kulturminnesøk. Minnestøtta som vert etterlyst av den intervjuja er no reist av Erling Gjørven, og står plassert ovafor Jua lengst heim i Sunndalen.

Intervjuskjema nr. M17

Intervju utfø 30.04.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Johan Gjørven Adresse: 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Gjørvalaksegarden.	Geografisk plassering/tilkomst: I Gjørvaefossen i Stryneelva rett nedanfor Uragarden. Tilkomst frå RV 15 på Gnr 64, bnr 5. Kartkoordinat X:6867469, Y:385626
---	--	---



Johan Gjørven ved Gjørvalaksegarden slik den ser ut i dag.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg er interessert i å ta vare på ting som har vore brukt av folk fram gjennom tidene.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

At dette er mitt kulturminne har med interessa mi for fisket i Stryneelva å gjere. Sjølv om dette er ein gammal fangstreiskap, har det også vore noko ein kunne sjå til for å vite om her var laks i elva eller ikkje. Tidlegare var laksegarden ein mykje brukt fangstreiskap, men er no ikkje lovleg å bruke lenger. I Stryneelva var her minst ein laksegard på kvar gard, og på fleire gardar var der to eller meir. Dei fleste laksegardane vart truleg bygde på slutten av 1500-talet, og var i bruk fram til slutten av 1970-talet. I Stryneelva står det att berre ein laksegard som er brukande. Den står på Gjørven. På Lunde står også ein, men berre ytterkantane står att.

Eg syns at laksegarden på Gjørven er eit kulturminne det er vel verd å ta vare på. Den er eit minne frå gammal tid då fisket var viktig for bøndene langs elva, både som inntektskjelde og for å skaffe mat til familien.



Bildet viser laksegjerdet som skulle vere med på å leie laksen inn i laksegarden. Mykje av landrompa er borte, og brua over til laksegarden har dei teke bort på grunn av sikkerheita. Då dette bildet vart teke, var elva lita og still. Stryka i fossen her kan vere svært stride når elva er stor.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Sidan laksegarden ikkje hadde vore i bruk frå 1970-talet, var forfallet tydeleg. Brukarane på Gjørven vart då samde om at den måtte reparerast og forsterkast slik at den ikkje skulle forsvinne som dei andre laksegardane i Stryneelva. Vi søkte om tilskot, og fekk så mykje at det ikkje vart noko nemnande utgifter for kvar brukar. Men arbeidet utførte vi på dugnad.

Laksegarden er no i god stand, og kan takast i bruk kva tid som helst.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Laksegarden på Gjørven ligg i Gjørva fossen rett nedan for Uragarden. Laksegardane som fangstreiskap er svært gamle. Kor gammal denne er, er vanskeleg å fastslå, men dei fleste laksegardane vart truleg bygde på slutten av 1500-talet.

Laksegarden er konstruert slik at laksen kjem inn i karet, men ikkje ut att. Laksebegja i Gjørvalaksegarden er ganske lang, og det er den som styrer laksen inn i laksegarden. Det er ikkje lov å byggje denne begja lenger ut i elva enn 1/3 av elvebreidda.

Sjølv laksegarden vart bygd opp av stein, og




Fig 5: "Skisse av fiskande laksegard. Laksebegja og landrompa styrer laksen inn i karet der han vert fanga mellom kipane og steinmuren. Når garden ikkje vert brukt, slår ein kipane inn og opnar grinda".

vart bunden i hop av eikeplank.

Då vi reparerte laksegaden, brukte vi litt betongblanding for å halde steinane betre på plass.

I den tid laksegardane var i drift, vart dei stengde fredag kveld, og kunne opnast att måndag. (helgefreding).

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Kva som skal/bør gjerast for å ta vare på dette kulturminnet er vanskeleg å svare på.

Truleg kan laksegarden stå i mange år slik den er i dag, men det må først tilsyn for at den ikkje skal bli øydelagd. Sidan Stryn kommune har teke opp dette med kulturminne, er det naturleg at kommunen vil ta på seg eit tilsyn, og halde kulturminnet i god stand.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M18

Intervju utført: 22.09.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Arnold Sunde Adresse: Vikavegen 47, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: VILKJEKLØPPA og HYNNJELSBRUNA	Geografisk plassering/tilkomst: Tilkomst frå Setrevegen eller Vik/Hol. Kartkoordinat Hynnjelsbrua: X:6867328, Y:378368 Vilkjekløppa: X:6866969, Y:378738
---	---	--



Hynnjelsbruna er namnet på ei bru over Vikaelva. Brua ligg på ferdsleråsa mellom Markane og Stryn. Som ein kan sjå av bildet er brua merka av ver og vind, og knapt nok tilrådeleg å passere.



Under ligg Hynnjelsgjølet, eit juv med 8 – 10 m ned til elvefaret.



Vilkjekloppa er murt opp av solide gråsteinsheller.

Generelt om interessa for kulturminne:

To menneskeskapte bruer frå farne tider over Vikaelva og ei grov på setrevegen til Tonningsetra er etter mi meining kvalifiserte til å få tittel som kulturminne.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Det har eg svart på i to epistlar. Vilkjekloppa og Hynnjelsbruna.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har skrive om dei både no og i lokalavisa. Hynnjelsbruna treng vedlikehald - elles vil ho ein gong ta same vegen som Hynnjelsfossen rett ned i botnen av gjølet. Vilkjekloppa treng ikkje vedlikehald. Ho vil vare så lenge verdi stend, men terreget rundt må ryddast. Elles vil heile stasen bli gøymt i tett krattskog.

Det er også viktig å hugse på at alle stadnamn skal skrivast lydrett uten omsyn til gjeldande rettskrivningsreglar. Dersom namna ikkje blir haldne i akt og ære, vil kulturminna bli gløymde.



Intervjuobjektet, Arnold Sunde, peikar ut retninga for dei to særmerkte kulturminna frå "kongetribuna" på hytta ved Vikaelva.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

VILKJEKLØPPA.

Susen av Vikaelva er natursymfoni i særklasse. Buldrande i flomstor vassføring og med fløytelyd i pianissimo når ho renn i siklemodus. Satsane er ubeskrivelege. Eg har beint fram forelska meg i Vikaelvkonserteren. Vill og galen kastar ho seg utover ufsene i Vikadalen, styrt av naturen sine eigne kompromisslause lover. Av og til tek ho seg nye far ettersom rundkampsteinane kiler seg fast i elvakrokane. Vassdemmer dirigerar nådelaust flaumvatnet inn i nye trafikksystem. Terrenget rundt elva formar seg villeg til bakkar, flater, gjøl og stupbratte skrentar. Siste raseriutbrotet hadde elva i 1905 då ei vassdemme nordafor Hynnjelsfossen

og freidig. Frådande fossar laga seg veg nedetter lia på austsida av elva. I eit bakkebrot med ur og lausmasse sette elva nasa i bakken og pløgde opp ein ny dal i terrenget tvers over sætreråsa - til stor sorg for Tonningsbøndene og Sandbakkarane. Elva vart omsider begt inn att i sitt gamle legje, men sætrevegen måtte på ein eller annan måte hekast i hop att. Sætreråsa vart greven på skrå ned i gjølet som flaumelva hadde laga. Så kjem eit stykke norsk brubyggekunst i særklasse. Viljekloppa. Som nostalgisk, lokal råsgangar har eg i brusande patriotisme lete steinkloppa få plass mellom Babylons hengande hagar og den Kinesiske mur i verdas 7 historiske underverk - og utvida underverkkja til 8. Kloppa er nemleg ei uoppreist, liggjande statue over norsk brukskunst, meisla og mura med norsk gråstein. Lokalhistorisk er kunstverket mosegrodd og gløymt. Ingen tek hua i handa for å trø andaktsfullt over ei steinklopp i setreråsa. Viljekloppa har aldri vore gjort stas på med kranspålegging og høgtidelege taler, men er likevel eit ærefullt minnesmerke over kampen mot naturkreftene og slitet for det daglege brød i farne tider.

HYNNJELSBRUNA.

Den mest dramatiske etappen til Vikaelva er gjennom Hynnjelsgjølet. I førhistorisk tid låg brefronten her. To brear tørna ihop i dette området. Den eine med front frå Fehammaren i aust tvers over Vikadalen og bortetter ryggane mot Vinsrygg. Motparten var storbreen frå Strynedalen som skura lateralt mot iskollegaen sin frå nord. Smeltevatnet frå isen trengde ned i fjellsprekker, fraus, ekspanderte og laga eit gjøl som skjer seg i sikksakk - eller "hynnjer" nedetter dalbotnen. Moreneryggen som vart liggjande att etter basketaket mellom breane er delevis intakt. Elva braut seg gjennom og tok i bruk Hynnjelsgjølet på si vidare ferd mot grandane ved Vikabukta. Trebrua over gjølet er merkt av år og alder. Ettersom saga seier vart brua bygd for at markarane skulle kome seg til kyrkje. Kva tid dette hende har det vore uråd å få vite. Truleg samstundes med at fyrste kyrkja vart reist på Kyrkjeeide. Fram gjennom tidene har ho vore godt vedlikehalden og vore trygg både for folk og fe. I dag er ho berre nostalgisk pynt. Lettbeinte turgåarar vågar seg over, men det er delte meiningar om kor mykje brua toler.

I barndommen min var eg livredd denne brua. Eg visste at så snart vi sette nasa over den vesle bakkekammen ved Sleipesvadet, ville vi sjå kantane av Hynnjelsgjølet på venstre sida av setrevegen. Susen frå fossande vatn djupt nedi botnen av gjølet, vart sterkare til lenger opp vi kóm. Der nede heldt trøllpakket til. Ørsmå vassdrøpar i tusentals vart slengde til vers over gjølkanten. Førskjerte regnbøgar skaut seg gjennom vassperlene i hytt å pine og pynta juletre midt på sommaren i dvergfigurene attmed stupet. Ein skremande grunntone tok til å murre i elvasusen. Dei svarte, stupbratte fjellsidene i gjølet samla alle skvatlande lydar av rennande vatn til ein trolsk dur som vart opphakka av livredde hjerteslag med uryddig rytme i eit spinkelt småstrikebryst.

Verst var det over brua. Med skjelvande kne og lengtande augnekast mot blåbærtuene på hi sida kneip eg i handa hennar mor og let meg geleidast over til akkompangement av Hynnjelsfossen i brusande raseri. Vel overkomne på hi sida, kom motet attende. Leskande oppkomevatn frå Hynnjelskjelda var styrkjedrikk som kunne gire hjerteslaga tilbake til normal bankefart. Overmodig hytta eg med knyttneva til Hynnjelsfossen som

glimtevis hadde brølt og glefsa mot meg med flekte, kvite hoggtenner.

I dag er denne fossen monaleg spakare. Vatnet i Vikaelva som har kasta seg utfør fjellhynna ovanfor Hynnjelsbruna i durande, skremande raseri er begt inn i nytt trafikksystem for å gjere nytte for seg i rør. Berghynna har ikkje noke å briske seg med lenger. Berre ein pensjonert, naken, førhistorisk naturminnestein frå istida med piplande vatn nedetter steinsida står att. Å utrope ei elv som kulturminne er ikkje meininga mi, men både Viljekloppa og Hynnjelsbruna som har Vikaelva både som far og mor, kan trygt seiast å vere kulturminne.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Hynnjelsbruna treng vedlikehald - elles vil ho ein gong ta same vegen som Hynnjelsfossen rett ned i botnen av gjølet. Viljekloppa treng ikkje vedlikehald. Ho vil vare så lenge verdi stand, men terrenget rundt må ryddast. Elles vil heile stasen bli gøymt i tett krattskog.

Det er også viktig å hugse på at alle stadnamn skal skrivast lydrett uten omsyn til gjeldande rettskrivningsreglar. Dersom namna ikkje blir haldne i akt og ære, vil kulturminna bli gløymde.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Hynnjelsbruna blei restaurert i 2016. Etter at turvegssystemet frå Stryn sentrum til Ullsheim no er statleg sikra til friluftsliv-føremål, er det løyvd midler til dette arbeidet. Restaureringa vil gjennomførast på ein antikvarisk riktig måte.

Begge bruane er omfatta av omsynssone for friluftsliv i kommunplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M19

Intervju utført: 30.08.2015 av Matias Lunde	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Amund Nedreberg.	Jekteløken ved Hestøda.	Hestøda, 1 km vest for Stryn sentrum.
Adresse: 6783 Stryn.		Kartkoordinat X:6864159, Y:378641



Amund Nedreberg i jekteløken ved Hesstoda.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har stor interesse for kulturminne. Kulturminne er interessante som enkeltobjekt, men også som deler av kulturtrekk. Eg har vokse opp på ein gard med mange gamle hus, reiskapar og andre ting. Eg har vore interessert i kva folk har sysla med og utretta i tidlegare tider. Og eg har interesse for historie og samfunnsutvikling.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Jekteløken var hamn for Nedrebergsjekta. Jektefarten på 17- og 1800-talet var viktig samkvem med Bergen,. Gardsprodukt, t.d. ved, tønneband, skinn og kjøt, vart skipa til Bergen for sal. Byvarene jekta hadde med heim, var det grenda trong utanfrå, frå korn til kaffi og kamferdråpar. Byreisa med jekt var i seg sjølv ei oppleving for mange, ofte første møte med ei vidare omverd.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Kompetente karar på Bergsida har gjort nødvendig arbeid for å ta vare på Jekteløken. Opplagd stein hindrar no utgliding av masse og løken er brukbar til fortøying av småbåtar. Bruk av Jekteløken medverkar godt til at den blir teken vare på.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Jektefarten minka fram mot slutten av 1800-talet. T.d. er 1893 sist registrerte rekneskapsår for Faleidsjekta. Fram mot den tid er det og rimeleg at bruken av Nedrebergsjekta og Jekteløken tok slutt.

Ei lita historie illustrerer betydning av jektefarten i naudsåra 1807-1814. Tipp-, tipp-, tippoldefaren min, Amund Nedreberg f. 1760, var styrmann på Nedrebergsjekta. På ei ferd våren 1813 låg jekta ferdig lasta for heimreis frå Bergen. Det var då forbod mot å ta matvarer med heim frå Bergen og politiet vakta forbodet. På Nedrebergsjekta hadde dei likevel fått lovnad om ei tønne korn av ein kjøpmann dei handla med. Den måtte smuglast om bord om natta for å unngå påpasseleg politi på kaia. Då jektemannskapet var klar til avreise kom politiet om bord for inspisere lasta, men fann ingenting ulovleg. Då inviterte Amund som var styrmann dei inn i kahytta til traktering med spekekjøtt og havrebrød med brennevin attåt. Politiet åt og drakk skåla på ei god heimreise og kom nok på ein «liten lette» før dei gjekk i land. I mellomtida hadde to mann fått korntønna om bord og jekta sigla heim til Jekteløken med korn som folk i grenda trong.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

At dette kulturminnet vert registrert.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Jekteløken med naustområde i Hestøda har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M20

Intervju utført: 30.08.2015 av Arne P. Sunde	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt: Lars Henrik Skår og Åsmund Skår (bur i Oslo)	Kasting med laksenot «Kasta til Skåra»	På Mindresunde ved Nedrefloen
Adresse: Mindresunde, 6783 Stryn		Kartkoordinat X:6868279, Y:388630



Åsmund og Lars Henrik Skår ved sida av furu ved ytste spelet der faren, Leif Skår, hadde sin faste plass når nota skulle dragast inn til land. Ennå kan vi sjå festet for eine enden av spelet i furua.



Sjòlv eit hol i ei gammal furu kan vere eit kulturminne dersom ein kjenner historia bak.



Spelet var laga av ein 6 toms boks med to meterlange mineborar gjennom. Det var to mann på kvart spel og i tillegg ein gut på kvart spel som styrte toget inn på rett plass. På ytste spelet skulle dessutan denne karen drage av toget når dragarane skulle forflytte seg inn mot notplassen. Denne jobben var ikkje ufårleg, og ein måtte vare seg vel for ikkje å få mineborane i hovudet!

På bildet til høgre ser vi Leif Skår i kjent positur. Konsentrert om å drage nota inn til land, men på same tid med eit skarpt blick på toget og nota.

Vart nota sett rett? Dreg dei jamnt og kjem nota opp på rett plass? Er det fisk å sjå? Og så var det historiene frå tidlegare kast. Leif var ein meister til å fortelje – og han la ikkje fingrane mellom når det galt karakteristikkar og kraftsalvar.

Generelt om interessa for kulturminne:

Det er stor interesse for å ta vare på minne knytt til garden og gardsdrifta. Garden Mindresunde har ei svært spesiell historie samanlikna med gardsbruk i nærområdet.

Garden var sjefsgard i Strynske kompani. Her var hotelldrift frå slutten av 1800-talet. Garden vart nytta som jordbruksskule i 30 år, 1920 – 1950. Det har også vore gjort fleire gravfunn frå eldre tider på garden. Frå starten av 50-åra er det familien Skår som har drive garden.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Åsmund fortel:

De må stå opp, vi skal kaste! Denne budskapen frå pappa hugsar eg med glede. Vi låg på soverommet og vakna opp til strålende sol og flott laksever. Dette betydde at vi slapp å gå ut på bøen og hesje med det første. Var det laksever så måtte kastinga prioriterast. Mamma og Anna såg ikkje på slik prioritering med blide auge for det betydde at vi vart seinare ferdige med slåttonna.

Pappa hadde greidd nota dagen før og fått ho i båten. så no var det berre å ro båten ut i kastet og dra inn på tauet.

Hjelparane byrje å kome på plass med Jan i spissen. Seinare kom anten Harald, Reidar eller Sverre. Dei skulle vere med å dra inn nota. Det var provisjonsbetaling, fekk vi laks var det god betaling, fekk vi ingenting var det det ingenting i potten. Lars Henrik og eg styrte tauet og fekk ikkje betaling uansett.

Jan sette seg ved årane og pappa skubba ifrå. Vi såg båten gli utover Nedrefloen med tauet etter seg og etter eit par hundre meter gjekk nota. Halvvegs i setjinga kom den raude blæra og snart var heile nota ute og tauet mot land gjekk ut. Harald og Sverre stod klar ved det inste spelet og tok imot båten og festa tauet på spelet. Pappa og Jan småsprang til det yste spelet og starta å dra inn derifrå.

Medan dei drog og eg styrte, kom kommandoar og gode historier om kvarandre. Dersom ein oterbåt forvilla seg inn mot notretniga var det hauing og roping og dei fekk gjerne passet sitt påskreve: *saudehaud blanda med kålfred!*

Nota nærma seg land og det var tid for å svinge. Jan heldt spelet på plass og når pappa hadde tak i tauet nedanfor, gjekk Jan saman med han inn mot landingsplassen. Då var det tid for meg å dra ut tau frå spelet slik at dei kom seg fort nok av gårde.

Så var dei inne, pappa hoppa ned til vatnet medan Jan rekte han tauet. Eg sprang innover og ikkje lenge etter ropte dei: Sving! Då kom karane frå inste spelet med den andre tauenden og sjølve nota kunne dragast inn.

No var det skikkeleg spennande. Etter ei lita stund sa pappa halvhøgt: *Dar var det vorr, det var laksevorr på utsida. Der kom ein til på innsida! Dar e fleire! Og der kunne vi sjå store mørke skuggar som rørde seg fram og tilbake i nota.*

Han sete på, ikkje dra for hardt!. Pass på so han ikkje går onde! Der var ein opp og plaska med sporden. Eg sto på min faste utkiksplass ved sidan av pappa og hadde god utsikt til det som skjedde.

No var nota koma nesten heilt inn: *Pass på grunnjen!*

Det var tid for å ta den raskt inn slik at laksane hamna i posen bak og ikkje hadde makt til å røre seg. Fram med klubbene som var avsaga jarnrør.

Hald han i tokna! Au, du slo meg istadenfor laksen! Her er den første, ber den opp.

Lars Henrik og eg bar laksane opp på lakseplassen ein etter ein.




Frå venstre: Jostein, Åsmund, Leif og Lars Henrik Skår. Til høgre søskenbarnet Jan Lars Nesje. Dette bildet frå slutten av 1970-åra viser resultatet av eit godt laksekast! Ikkje rart at høyonna måtte la vente på seg!

For ein fangst! Sju laksar og nokre sjørretar. Etter at nota var kasta om og klargjort for eit nytt kast om kvelden eller breiding for bøting av hol og utskifting av sandposar, samla mannskapet seg på lakseplassen og no byrja tipping på vekt. *Dinnja dar e 17 kilo! Nei, han e meir!*
Vel, vi skulle snart få sjå.

Alle var med og bar laksane innover. I magasinet hang vekta, og spenninga var å ta og føle på. Bra tipping. Så var det å legge laksen under våte jutesekkar og under det gamle badekaret. Lefdalen eller Brekkjen vart ringde og spurt om dei kunne ta imot. Det kunne dei. Det vart god forteneste og ein ørretmiddag på oss sjølve.

Det var fortsatt eit par timar til middag, så no var det ut og hesje.



Og fisk fekk dei i gamle dagar også! Dette er gamle laksebilde frå tidleg i 50-åra. På bildet til venstre ser vi i midten bak brødrene Ragnar og Leif Skår. Med seg her har dei Audun Kirkeeide som dreiv butikk i Bruvang (tv) og Martin Nyhagen heilt til høgre. Gutane på bildet er truleg Harald og Olav Heggstad.

Fisken på bildet til høgre er ein skikkeleg rugg, truleg fram mot 30 kg. Olav Fure har nok med å halde han oppe!

(alle dei gamle bilda er utlånt frå Lars Henrik Skår)



Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Ta vare på både bilda og minna frå denne tida er viktig, det same gjeld kunnskapen om fisket med laksenot. I dag er det ikkje tillate å fiske med laksenot, og dette blir på den måten ein historisk fiskemetode som var brukt på garden i om lag 100 år.

Grunneigarlaget har gått saman om å lage ein film som viser korleis dette fisket gjekk føre seg. Dette blir ein viktig dokumentasjon å ta med seg inn i framtida.

Det er også viktig å ha tilgjengeleg skriftleg dokumentasjon og ta vare på den bildedokumentasjonen som kan finnast.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Det vart om lag 10 notkast i Nedrefloen. Av desse kasta var nok kastet på Mindresunde, kastet til Skåra, det viktigaste. Denne kasteplassen vart sett på som den beste i vatnet. Nota vart sett langs med bakkekanten i nedre kanten av Eikjevadet. Dette var ein naturleg stogg for laksen på veg oppover vatnet.



Rasmus Bødal (oldefar til Lars Henrik) kjøpte garden i 1884, og han tok til å kaste med landnot etter laks i 1920-åra. Dette fisket heldt fram i den tida garden vart leigd bort til jordbruksskule. Denne leiga omfatta ikkje verken utmarka eller laksefisket.

I 1979 vart det innført forbod mot kasting med laksenot.

På sine eldre dagar passa Rasmus på kastet. Var det teikn til fisk tok han spaserturen inn i Jærane for å melde frå om at no var det tid til å kaste!

Då Leif Skår flytte tilbake til garden og overtok drifta, vart det skikkeleg fart i laksefisket.

Leif og broren Ragnar vart fast mannskap med dette fisket i 50-åra. Nota var stor og tung, og det var nødvendig med 4 personar for å kunne drage nota til land. Til skilnad frå dei andre kasta rundt Nedrefloen, vart nota dregen i land med spel. Det var to som drog ved kvart spel.

Nota dei brukte her var ei laksenot. Denne sleppte gjennom småfisk. På dei andre kasta rundt vatnet vart det brukt småbundne nøter. Desse vart også mykje brukt i røyefisket om hausten.

I dei første tidene var nota laga av tråd. For at tråden skulle halde seg, måtte nota barkast. Til dette arbeidet vart det nytta bjørkebork. Borken vart tørka på låvebrua. Borken vart hakka opp, og så vart den kokt. Nota skulle liggje eit døgn i borkeloge. Midtdelen av nota vart skifta kvart år. Anders på Dispen kunne kunsten å binde saman nota.

Seinare kom nylonnota. Denne nota var det mindre vedlikehald på.

Mange av ungdommane i nærområdet, vart rekrutterte som notdragarar. Dette kan ein med stor sikkerheit fastslå var ein av dei mest spennande sommarjobbane ein kunne få. Gode fiskesomrar var det også pengar å tene både for eigar og innleigd mannskap.

Det var ikkje uvanleg med fangstar på opptil 20 laksar på ein dag. Laksane var store, ofte mellom 10 og 20 kilo. Ein del sjørret fekk ein også i nota.

Men tid tok det. Var det gode fiskedagar kunne nota bli sett 3 gonger; morgon, middag og kveld. Kvart kast tok gjerne 2 timar frå start til slutt.

Og slåttonna måtte vente!

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det er viktig at samfunnet legg til rette for å ta vare på slike kulturminne. Ofte er slike kulturminne fysisk borte, og ein må ta til takke med dokumentasjon og informasjon.

Det må leggjast til rette ordningar, økonomisk og praktisk, for at slikt arbeid kan prioriterast.

For at slike kulturminne skal gjerast tilgjengelege for folk flest, vil det vere aktuelt å setje opp informasjon i nærleiken av desse kulturminne og der folk ferdast. Slik informasjon bør også vere tilgjengeleg på andre språk, minimum engelsk i tillegg til norsk.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Kasta i Skåra har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

Intervjuskjema nr. M21

Intervju utført: 30.04.2015 av Arne P. Sunde Namn intervjuobjekt: Johan Gjørven Adresse: Gjørven, 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Krokodilla.	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 64, bnr 5. Ved Stryneelva rett ved riksveg 15 vis a vis Lysvoll. Kartkoordinat X:6867380, Y:385422
---	---	--



Johan Gjørven ved Krokodilla slik den er plassert mellom riksveg 15 og elva i dag.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg er interessert i å ta vare på ting som har vore brukt av folk fram gjennom tidene.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Då den gamle riksvegen vart utvida for mange år sidan, måtte Krokodilla fjernast frå den staden den stod. Eg tok då Krokodilla og steinen med inskripsjon og oppbevarte den. Eg trur at dersom eg ikkje hadde gjort dette, hadde den vorte kasta.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Då den nye riksvegen vart planlagt, tok eg med i krava mine at Krokodilla skulle setjast opp att på ein høveleg stad. Statens Vegvesen var imøtekomande, og gjorde ein god jobb. Karstein Nesje tok ansvar for arbeidet, og Mathias Bø pussa opp Krokodilla. Gammalt rust vart fjerna med sandblåsing. Delar som var rusta opp vart erstatta og sveisa på. Til slutt vart Krokodilla påført ei spesiell metallmåling for at den



Krokodilla slik den såg ut der den låg rett ved gamlevegen langs Stryneelva.

skulle halde seg. Det vart også laga nytt drikkekar.

Krokodilla vart sett opp att ca 50 meter frå den staden ho stod før. Inskripsjonen som står på steinen er engelsk. Knut Stauri har oversett teksten til norsk, det same har Bill Dannat gjort. Vegvesenet la også rør til Krokodilla frå elva Kverva. Diverre vart det lagt for tynne rør. Desse har blitt tettte, og no kjem det ikkje vatn til Krokodilla. Trass purringar til vegvesenet har det ikkje blitt gjort noko så langt.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Dei engelske sportsfiskarane som budde på Lysvoll tykte ikkje noko særleg om vatnet som var på Stauri. Dei ville ha kaldt, godt vatn i toddyen sin. Rett over elva, på Gjørven, var ei oppkome med vatn av god kvalitet. Klepparane hadde då som oppgåve å hente vatn frå denne oppkoma. Dei brukte strengen, som var bygd over elva for å kome seg fram. Denne ligg rett ovanfor Lysvoll. Det er truleg, men langt frå sikkert, at ein fiskar med namn Robertson fekk bygd Krokodilla over oppkoma.

Krokodilla som er eit dragehovud av metall vart sett opp ved riksvegen, om lag rett overfor Lysvoll, ein gong mellom 1892 og 1899. Frå munnen til Krokodilla strøymde vatn ut frå ei sikker oppkome lenger opp i bakkane. Her kunne vegfarande stanse og drikke seg utørste. Krokodilla som denne figuren vart kalla på folkemunne, var festa med ein solid kjetting og i ein tunnare kjetting ang drikkekoppen som skulle brukast til å forsyne seg av kjelda. Der var også ein flat stein som folk som kom forbi kunne setje seg på for å drikke. Hestane kunne drikke direkte av karet.

Det vart også fortalt at vannposten ved Krokodilla var møtestad for to spesielle ungdomsgrupper i farne tider, nemleg husmammaene frå husmorskulen på Visnes og «møkastudentane» frå jordbruksskulen på Mindresunde. Denne staden på Gjørven skulle vera det nøyaktige midtpunktet mellom dei to skulane.



Dette bildet er frå opning av nye Krokodilla. Frå venstre Johan Gjørven, Harald Løvdal og Karstein Nesje. Karstein Nesje får ein stor del av æra for at Statens Vegvesen tok seg av dette restaureringsarbeidet.

Då riksveg 15 vart utbygd i 1990-åra, måtte Krokodilla bort.

Årsaka til at denne måtte bort var at den kom altfor nær vegkanten. Krokodilla vart teken ned, lagra og oppussa. Då det var skjønnt for den nye riksvegen i 1990, vart skjønnsretten orientert om Krokodilla på Gjørven, og i rettsboka står: «Vegvesenet skal flytte den til ein eigna plass i nærleiken». Krokodilla er i dag å finne om lag 50 m frå den opphavslege staden. Det er laga ein fin «bustad» for Krokodilla, forbi-passerende kan igjen stogge opp ved dette fabeldyret

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Eg forventar at det skal renne vatn i Krokodilla att. Røret må takast opp ved inntaket i Kveerva og reinsast. Elles er det ikkje mykje å gjere. Det er viktig å halde det reint og ryddig rundt Krokodilla.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Krokodilla har omsynssone Bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.

J.S.R.
Lysvold 1892. 1899

*From earth I flow, seaward I go,
refreshing the world on my way,
my duty done, my guerdon won,
I rise on celestial ray.*

*Drink weary traveller in the land,
and on the journey fare,
'Tis sent by God's giving hand,
and stored by human care.*

*Frå jorden jeg flyter, til sjøen jeg går;
forfriskning jeg bringer til alt det jeg når.
Når vannet er grunnen, og lønnen er vunnen,
så stiger jeg opp mot himmelrunden.*

*«Drikk du trøtte vandringsmann,
videre da får.
Gud har sendt det gode vann,
menn det samlet har».*

(Oversett av Knut Stauri, f. 1887).

Diktet over er skrivi mellom 1892 og 1899 og har signaturen J.S.R.
Knut Stauri står for den norske oversetjinga.



Bildet over er rundt 120 år gammalt, og viser den engelske fiskaren som fekk i stand vannposten ved vegen. Truleg er det også han som har skrivi diktet/helsinga som står på metallplata som er festa til steinane bak.

Intervjuskjema nr. M22

Intervju utført: 17.07.2015 av Odd Røningen Namn intervjuobjekt: Ola Fløtre Adresse: 6788 Olden	Namn på kulturminnet: Kvelvingsbru på Eide i Olden.	Geografisk plassering/tilkomst: Tilkomst via fylkesvegen til Oldedalen, avkøyring ved Eide til Beinnes. Ligg rett på nedsida av nyebrua på Eide Kartkoordinat X:6854089, Y:385268
--	---	---



Kvelvingsbrua på Eide før restaurering av straumbrytar 2015.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid vore oppteken av kulturminne. Med alderen har interessa auka ytterlegare. Har vore engasjert i å ta vare på Eide gamle skule ved å utnytte den som grendahus. Er no i ferd med å samle Oldedølane og Oldarane til ein dugnad for å rydde den gamle vegen til Oldedalen som kryssa elva på kvelvingsbrua og gjekk på sørsida av elva heilt opp til Oldedalen.

Morfaren min var ein trollmann i snekring. Han dreiv opplæring av andre i grenda i snekkerfaget, og hadde laga seg veldig mykje snekkerutstyr. Han døde altfor tidleg. Eg har tekje vare på mykje av utstyret, til dømes mange typer høvlar som kan nyttast til å lage til dømes profilerte materialer. Dette er også ein del av mi interesse for kulturminne.

Eg har aldri greidd å kaste noko. Eg synest åra frå 1950-65 var ei skummel tid. Då vart gamle ting sett på som unyttige og kasta i stor stil.



Ola Fløtre tilbake der han som femåring skulle krysse den flaumstore elva som slo over vestre brulegeme. Med ei bøtte gulrot. Det gjekk nesten gale.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Eg er sannsynlegvis den nolevande personen som har kryssa kvelvingsbrua på Eide flest gonger. Eg har budd ved denne brua heile mitt liv.

Dette er mitt kulturminne fordi brua både har hatt svært stor betydning for mange folk i mange hundre år, og fordi ho samtidig er så vakker å sjå på. Måten ho er bygd på er heilt fantastisk å sjå.

Bruksverdien av brua har vore veldig stor. Oldedalen var ein av dalane som tidleg fekk eit betydeleg reiseliv. Alle desse menneska nytta brua for å kome fram til reisemålet. Olden og Oldedalen var også viktige landbruksbygder.



Reparasjonsarbeid på kvelvingsbrua 2015. Den vestre straumbrytaren er her plukka ned og vert (mellombels eller permanent) erstatta av mykje grøvre stein.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har vore veldig aktiv overfor kommunen for å få til ein «bergingsaksjon» for brua etter at vestre straumbrytar nesten var fjerna av straumen i 2015. Dette måtte skje raskt, og eg greidde å få kommunen med på dette. Kommunen organiserte og fekk ein entreprenør til å utføre grovarbeidet med å bygge ny straumbrytar. Vårflaumen truga, men alt gjekk bra. Etter at straumbrytaren var bygd, organiserte eg ein dugnadsgjeng av bønder i området. Vi mura opp igjen eine bruvangen i området der stikkrenna går, og fekk lagt på plass igjen stein som elva hadde flytta på.

Det må gjerast litt meir arbeid på straumbrytaren. Så vil status for kulturminnet vera slik det var før 2013.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Eg veit ikkje kor gamal brua er, men ho må vera veldig gamal. Den største kvelvingsbrua vi har i vår kommune er Jøl bru, som viser ingeniørkunst på høgt nivå, og er bygd av «profesjonelle» anleggsarbeidarar. Eide-brua er også ei stor bru, med heile tre kvelvingar og ei veldig stor stikkrenne, men på denne brua er det berre nytta løftingsstein (stein på 100-200 kg som folk kunne løfte). Lokalt i Olden vert det hevda at brua er bygd av munkevesenet, ved hjelp av trellar.

Vegen til Oldedalen, før brua vart bygd på Sunde i Oldedalen, gjekk på nordsida av Oldeelva opp til kvelvingsbrua på Eide, kryssa elva her og gjekk vidare opp til Briksdalen på sørsida av vassdraget. Brua var den einaste brua over Oldeelva ovafor Olden sentrum i lange tider. I 1951 avløyste ny bru på Eide den gamle kvelvingsbrua. Nyebrua er bygd som datidas bruer i betong, og ligg om lag 40 meter ovafor gamlebrua. Men før 1951 og avløysinga av brua vart gamlebrua flikka på ved at ein bygde ein større sving på brua på austenden. I tillegg vart det lagt på dragarar av treverk på kvart brukar, samanbunde av wire på tvers av brua. Dette vart gjort for å kunne køyre med buss over brua. Dette føregjekk over ei kort periode.

Brua på Eide har vore eit ynda fotomotiv for tusenvis av cruiseturistar som vert frakta opp med buss eller busstog frå Olden kvar sommar. Brua har greidd seg godt oppgjennom tida, men frå 2013 har situasjonen forverra seg etter at den eine straumbrytaren vart delvis øydelagt i ein storflom, der heil trestamme satte seg på tvers av bruopningen. I 2015 såg heile straumbrytaren ut til å ville verte teke av straumen. I så fall ville heile brua etter kvart ha vorte øydelagt. Straumbrytaren vart reparert som eit akutt-tiltak i 2015. Permanent løysing er ikkje bestemt.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Det er samfunnet si plikt å halde dette kulturminnet ved like. Det offentlege må i fyrste omgong ordne det økonomiske, slik at ein kan betale for innsatsfaktorar. I tillegg må til dømes kommunen organisere i gang dugnadsarbeidet. Det er nemleg svært viktig at dugnadslivet får leve vidare. Mange er framleis veldig interessert i å drive dugnadsarbeid.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Kvelvingsbrua på Eide stod i fare for å verte teken av ein eventuell flaum i 2015. Korkje NVE eller fylkeskonservatoren kunne løyve midler til ein «bergingsaksjon». Stryn kommune løyvde midler til maskinelt arbeid. Dette, saman med ein dugnad utført av interesserte gjorde at brua vart berga. Utviklingslaget i Olden vil søke midler frå kulturminnefondet for gjennomføring av ei antikvarisk restaurering av brua.

Intervjuskjema nr. M23

Intervju utført: 20.mai 2015 av Matias Lunde Namn intervjuobjekt: Amund Nedreberg Adresse: 6783 Stryn	Namn på kulturminnet: Kvennjagrova	Geografisk plassering/tilkomst: Bergsida Lettast tilkomst frå Nedreberg på Bergsida vest for Stryn sentrum. Kartkoordinat X:6864820, Y:378460
--	--	---



Restar av eit kvernhusmiljø på Bergsida. Det trengte ikkje vera store vassføringa før det kunne drive ei kvern. Amund Nedreberg viser ruinane.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har stor interesse for kulturminne. Kulturminne er intereessante som enkeltobjekt, men også som deler av kulturtrekk. Eg har vakse opp på ein gard med mange gamle hus, reiskapar og andre ting. Eg har vore interessert i kva folk har sysla med og utrette i tidlegare tider. Og eg har interesse for historie og samfunnsutvikling.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Kvennjagrova er eit felles, interessant kulturminne for gardsbruka i grenda. Det er eit minne om kor viktig det var med god vasstilførsel og kva samhandling som trongst for at det skulle kome fellesskapet til gode. Kvernhushistoria har også sin eigen historiske dām som landbrukshistorie, kulturhistorie, i segner og mytar. Kvennjagrova var noko av denne historiske dāmen.

Kvennjagrova har noverande lita interesse fordi få nolevande menneske kjenner grova sin tidlegare kulturelle verdi.



Ruinar etter kvernhus langs Kvennjagrova.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Forsiktig skogs-/krattrydding av merka turløype. La restane av kvernhusmurane ligge og mosegro som kulturhistorisk og landbrukshistorisk minnesmerke – utan at det vert gløymt.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Knapt 100 år tilbake i tid, i 1919, fanst det 7950 gardskverner her i landet. Ved Kvennjagrova hadde Bergsida sine kvernhus. Med ny lov om regulert maling av korn i 1926 vart gardskvernene utdaterte og borte. Ved Kvennjagrova er det no berre murrestar etter nokre kvernhus som minne om den vesle grova sin viktige funksjon i farne tider. Gardane på Vinsrygg og Øvreberg hadde til saman 5 kvernhus på rekke øvst ved Kvennjagrova. Etter desse er det knapt synlege leivningar. Nede ved den gamle kyrkjevegen hadde Lunde og Nedreberg sine 4 kvernhus. Restane av murar viser plasseringa ved Kvennjagrova.



Elvefareet er lite og tørkar fort ut. Når Kvennjagrova skulle nyttast, var det difor avhengig avhengig av vassauke og stabilisering ved å legge om vassstilførsel frå Konegrova, Kolmyra og Skarseldalen. Eit arbeid til felles nytte, og Kvennjagrova var det einaste elveløpet som eigna seg til slikt felles føremål.

Det var søndagsleikeplass for ungar i grenda på 1950-talet. Her er og eit frodig og sjarmerande skogsområde som gjer det til eit interessant turterreng.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Gjengroing aukar også i Kvennjagrova, og det kan vera greit. Men kulturminnet bør registrerast og kartfestast.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Fleire av kvernhusa er omfatta av SEFRAX-registeret.

Intervjuskjema nr. M24

Intervju utført:	05.01.2016 av Inger Fure	Namn på kulturminnet:	Geografisk plassering/tilkomst:
Namn intervjuobjekt:	Amund Mork		På Fosnes, i bakken sør for sagbruket.
Adresse:	Fosnes, 6799 Oppstryn	Kvernhusuft	Kartkoordinat X:6865533, Y:397630



Amund Mork ved tuftene av kvernhuset på Aspholsvadet på Fosnes.

Generelt om interesse for kulturminne:

Det må takast vare på dei kulturminna vi har. Vi må minnst våre forfedre og vidareføre arven.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Det er fortalt at dette er det første kvernhuset på Fosnes og dokumenterar tidligare liv og arbeidsmåtar.

Kva har du gjort og kva kan du gjera for å ta vare på «mitt kulturminne»?

Eg har teke vare på murane. På sikt kan der bli ein kopi av det gamle kvernhuset.

Kva veit du om «mitt kulturminne»?

Kvernhusmurane er i Aspholsvadet ved Austre Fosdøla. Vatnet vart leda i ei veit frå Fosdøla og ned eit skar i fjellet. Veg og tomterett er heimla i jordskifte for g.nr. 29.



Her kjem kanskje ein kopi av det gamle kvernhuset.

Kva forventar du at samfunnet skal gjera for «mitt kulturminne»?

Støtte opp om verning og bli med vidare framover med planer.

Kommunen sine kommentarar til dette kulturminnet:

Ingen kommentar.

Intervjuskjema nr. M25

Intervju utført: 30.12.2014 av Inger Fure Namn intervjuobjekt: Bjarne Greidung Adresse: 6799 Oppstryn	Namn på kulturminnet: Kvielars-hellaren, utmarks-slått og hammar med hellar under.	Geografisk plassering/tilkomst: Gnr 25, bnr 4. Greidung i Erdal, i fjellet på sørsida vest for Svorahola. God utsikt til staden frå Greidungstunet. Kartkoordinat X: 6860640, Y:401297
--	--	---



KVIE-LARS-HELLAREN

I desse rindane til venstre over hellaren var det Kvie-Lars hadde teigen sin. Men no har skogen teke over slåtte-marka.

Generelt om interessa for kulturminne:

Eg har alltid vore interessert i husmenn og deira levekår. Og i nærleiken av der eg bur, er det ein høg hammar med hellar under, som i generasjonar har hatt namnet Kvie-Lars-hellaren. Gjennom samtale med eldre folk og studiar av bygdebøker har eg funne fram til historia som knyter seg til dette namnet.

Kvifor er dette «mitt kulturminne»?

Min tipp-tipp-oldefar var fødd 4. februar i året 1800 som "uekte barn" i Olden, då med namnet Qamme. Av uviss grunn kom han til Nesje i Oppstryn, der han fekk setje seg opp ei husmannsstove ovanfor bøgarden "*i udmarken, under fefot og beitedyr*" (Folketeljinga 1865). Plassen der han reiste stova si heiter Kviene. Han tok namnet Nesje, men vart kalla Kvie-Lars i all dagleg tale. Kona heitte Inger Olsdatter Nessie.